



Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

Bakgrunn og forklaring til løyve etter ureiningslova til Flora kommune for utslepp av kommunalt avløpsvatn og utslepp av overvatn frå tettbygde område i Florø/Brandsøy og gebyr for sakshandsaming

Flora kommune har fått nytt utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn og overvatn frå tettbygde område Florø/Brandsøy. Løyvet er gjeve i samsvar med nasjonalt regelverk for avløp. Løyvet set strengare krav til reinsing og dokumentasjon i form av prøvetaking, analyse og rapportering enn tidlegare løyve til kommunen.

Kommunen har fått unntak frå krav om sekundærreinsing. Det er sett krav til primærreinsing på alle utslepp større enn 50 personekvivalentar i tettbygde område i Florø/Brandsøy. Fristen i ureiningsforskrifta § 14-17 andre ledd for å innføre primærreinsing var 31. desember 2015.

Fylkesmannen gjev mellombels unntak frå reinsekrava for dei anlegga som er under ombygging. Vi godkjenner kommunen sin framdriftsplan, der alle reinsekrava skal vere dokumentert oppfylte for heile det tettbygde området seinast innan 31.12.2025.

Kommunen skal betale 79 000 kr i gebyr for Fylkesmannen si sakshandsaming av løyvesøknaden.

Kommunen skal kunngjere løyvet.

Vi viser til søknad av 30.06.2011 og 11.07.2014, framdriftsplan for å stette reinsekrava datert 19.12.2014 og opplysningar som elles er komne fram under behandlinga av søknaden.

Kort om søknaden

Flora kommune har søkt om nytt utsleppsløyve til sjø for Florø og Brandsøy tettbygde område, med samla avløpsmengd 27 000 personeiningar (pe). Det er søkt om fritak frå ureiningsforskrifta sitt krav om sekundærreinsing.

Det er planlagt omfattande sanering av utsleppspunkt og overføringar mellom reinsedistrikt, slik at talet på avløpsanlegg i Florø og Brandsøy bli sterkt redusert. Hovudtyngda av avløpsmengda skal gjennomgå primærreinsing i to silanlegg, som får utslepp nordover til Florevika og sørover til Solheimsfjorden. Resterande avløpsmengd går til slamavskiljarar med utslepp til fjordområda i nord, vest og sør.

Vedtak

Med heimel i ureiningslova § 11, jf. §§ 16, 20 og 40, og ureiningsforskrifta §§14-4, 14-8, og 39-3, jf. § 39-4 og 39-6, gjer Fylkesmannen følgjande vedtak:

- 1. Fylkesmannen gjev løyve etter ureiningslova til Flora kommune for utslepp av kommunalt avløpsvatn og overvatn frå tettbygd område i Florø/Brandsøy.**
Nytt løyve med tilhøyrande vilkår vert send saman med denne oversendinga. Dokumenta må lesast i samanheng, dette dokumentet gjev bakgrunn for saka, grunngeving for vedtak og nærare tolkingsgrunnlag for dei juridiske vilkåra (rang som lovtekst for verksemda) i løyvedokumentet.
- 2. Fylkesmannen gjev fritak frå kravet i ureiningsforskrifta om sekundærreinsing av utsleppa frå tettbygd område i Florø/Brandsøy. Reinsekravet er då primærreinsing.**
- 3. Fylkesmannen gjev mellombels unntak frå reinsekrava for dei av anlegga i tettbygd område i Florø/Brandsøy som er under ombygging, i samsvar med kommunen sin framdriftsplan dagsett 19.12.2014. Reinsinga av i dag skal oppretthaldast inntil anlegga vert oppgraderte eller avvikla. Alle forskrifts- og løyvekrav for det kommunale avløpet og overvatnet frå det tettbygde området skal vere dokumentert oppfylte seinast innan 31.12.2025.**
- 4. Alle avløpsanlegga vert plasserte i risikoklasse 3.**
- 5. Flora kommune skal betale 79 000 kr i gebyr for Fylkesmannen si sakshandsaming av søknaden om utsleppsløyve og fritak frå sekundærreinsekravet i ureiningsforskrifta.**

Vi føreset at kommunen internt forankrar omfanget og framdrifta for den planlagde utbygginga av avløpsanlegg for transport og behandling av kommunalt avløp og overvatn som det nye utsleppsløyvet byggjer på, og dokumenterer dette t.d. i ein kommunal avløpsplan (hovudplan avløp og vassmiljø, saneringsplan eller tilsvarende).

Bakgrunn

Generelle reglar om avløp er fastsett i del 4 i ureiningsforskrifta. Krava som gjeld spesielt for utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større tettstader er fastsett i kapittel 14 i same forskrift.

Fylkesmannen er ureiningsstyresmakt for alle avløpsanlegg større enn 50 pe i tettbygde område med meir enn 10 000 pe avløpsmengd, jf. ureiningsforskrifta § 14-1. Fylkesmannen kan tillate mindre omfattande reinsing enn sekundærreinsing for kommunalt avløpsvatn frå tettstader med samla utslepp mellom 10 000 – 150 000 pe til sjø, dersom utsleppa ikkje har skadeverknad på miljøet, og resipienten kan klassifiserast som mindre følsam.

Flora kommune sitt tidlegare utsleppsløyve er frå 2000. Kommunen søkte i 2011 om nytt utsleppsløyve for kommunalt avløp frå tettbygd område i Florø og Brandsøy. Søknaden er i 2014 utdjupa med berekningar av samla utsleppsmengd frå kommunalt avløp og reinsa industripåselepp til kommunalt nett, og framdriftsplan for tiltak for å støtte reinsekrav.

Kommunen søkjer om utsleppsløyve for inntil 27 000 pe, der avløpsmengda av reinsa industripåselepp i Gunhildvågen utgjer inntil 14 000 pe. Kommunen er i gang med ei omfattande oppgradering på avløpssektoren, der talet på utsleppspunkt skal reduserast sterkt, og der reinsinga av avløpet skal aukast betydeleg. Hovudmengda av kommunalt avløpsvatn skal reinsast i eit komande oppgradert silanlegg i Sentrum med utslepp til Florevika, og eit nybygd silanlegg i Kanalen sør med utslepp til

Solheimsfjorden. Dei resterande utsleppa ved Havreneset, Gunhildvågen, Storåsen sør, Brandsøysundet og Botnastranda/Fjordbase skal reinsast med slamavskiljarar. Kommunen har sett opp ein framdriftsplan med oppgradering av leidningsnett, overføringar mellom reinsedistrikt, saneringar av utsleppspunkt, bygging/oppgradering av reinseanlegg og tilrettelegging for akkreditert prøvetaking i alle avløpsanlegga. Arbeidet vil strekke seg fram til 2025.

Flora kommune søkjer om fritak frå forskriftskravet om sekundærreinsing. Utsleppa frå Florø og Brandsøy tettbygde område går til sjøområde som er karakterisert som *mindre følsomt område* i vedlegg 1 til ureiningsforskrifta kapittel 11, punkt 1.2 områdeinndeling. Kommunen har undersøkt resipienttilhøva i sjøområda i 2008/2009¹ og 2010². Rådgivende Biologer AS har undersøkt og vurdert vassutskifting, vasskvalitet, sedimentkvalitet, blautbotnfauna, tungmetall og organiske miljøgifter. Dei vurderte samla økologisk status i dei planlagde utsleppsområda til å vere «god» i Florevika, og «høg» dei andre stadene. (I utsleppsområdet i Melkevik, som i ettertid vart tatt ut av den endelege søknaden, var den økologiske statusen vurdert som «moderat».) Det vart elles funne lite organisk påverknad på botnfauna og sedimentkvalitet ved dei eksisterande utsleppspunkta. I Florevika og innover i Gaddevågen er det på grunn av annan aktivitet ein del miljøgifter i sedimentet som gjev dårleg miljøtilstand (klassifisert som «moderat» til «svært dårlig»).

Miljøpåverknad frå avløpsanlegg

Handtering av kommunalt avløp og overvatn kan gje fleire typar miljøpåverknad: Utslepp av ureina avløpsvatn til sjø tilfører vassmiljøet store mengder næringssalt og organisk stoff, som naturen må omsette, også når avløpet vert reinsa. Det vil i tillegg kunne vere ei viss tilførsle av tungmetall og miljøgifter via kommunalt avløp og overvatn, og utsleppa inneheld bakteriar og virus som kan gje smittehygieniske utfordringar. I reinseanlegga vert det tatt ut slam, som er eit avfall som må handterast på ein forsvarleg måte for å unngå luktplager og eventuell avrenning til omgivnaden. Også frå pumpestasjonar og kummar kan det oppstå luktutslepp. Leidningsnett må vere tett og rett dimensjonert for å unngå lekkasjar til grunnen, sjø eller vassdrag. Avfall som vert generert av aktivitetane og mellomagra, kan verke skjemma og det er fare for akutte utslepp.

I Vann-Nett er fjordområda rundt Florø og Brandsøy delt inn i vassførekomstar langs naturlege tersklar og djupneavgrensingar. Ut frå kunnskapen om kjente påverknader/utsleppskjelder og miljøgranskingar, er desse karakteriserte og klassifiserte etter nasjonale føringar. Vassførekomstane har miljømål etter vassforskrifta om å oppnå god økologisk tilstand. Samla sett er miljøtilstanden i 2013 blitt vurdert å vere antatt «god» for vassførekomstane *0281010700-C³ Solheimsfjorden*, *0281011000-C Rekstafjorden*, *0281011200-C Hellefjorden* og *0281010900-1-C Botnaffjorden*. I *0281011100-2-C Gunhildvågen – Klubbevik* er miljøtilstanden sett til antatt «moderat» i 2013, ut frå tidlegare funn av mogleg lokal påverknad frå industriutslepp ved enden av den kommunale avløpsleidningen, og i *0281010900-2-C Florevika Gaddevågen* er tilstanden sett til antatt «dårlig» på grunn av påverknad frå noverande avløpspunkt i Melkevik og ureina sediment ved skipsverftet og innover i Gaddevågen. Tilstandsvurderingane vert periodevis oppdatert, ut frå kunnskapsgrunnlaget som ein til ei kvar tid har.

¹ Tveranger, B. m.fl., 2009. Flora kommune. Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy. Beskrivelse av resipientene, avløpsdisponering og miljøtilstand 2009. Rådgivende Biologer AS, rapport 1200.

² Brekke, E. m.fl., 2010. Resipientundersøkelse sørvest for Gunhildvågen i Flora kommune. Beskrivelse av resipienten, avløpsdisponering og miljøtilstand 2010. Rådgivende Biologer AS, rapport 1342.

³ Vassførekomsten sitt ID-nummer i Vann-Nett, www.vann-nett.no

I Gaddevågen er det gjort utgreiingsarbeid⁴ med tanke på opprydding i områda med sediment som er ureina med miljøgifter. Det er så langt konkludert med at naturleg restitusjon og vidare overvaking dei neste åra er rett tiltak. Kommunen må vise særleg aktsemd i samband med oppgradering av sine avløpsanlegg og leidningsnett i ureina område, dette gjeld både i Gaddevågen og andre stader. Det vil seie å så langt som mogleg unngå tiltak som medfører graving i ureina grunn eller sediment, eller gjev fare for oppvirvling av ureina sediment, slik at miljøgiftene spreier seg. Tiltak som medfører fare for ureining, vil måtte ha eit eige løyve etter ureiningslova § 11 frå Fylkesmannen.

Kunngjering og uttaler til søknaden

Søknaden om unntak frå sekundærreinkekravet har vore kunngjort i lokalaviser og på nettsidene til kommunen og Fylkesmannen, og vore sendt over til relevante sektorstyresmakter for uttale. Det kom inn ei fråsegn, frå Fiskeridirktoratet Region Vest. Dei viser 22.10.2014 til at det er registrert fleire fiskeplassar og oppdrettsanlegg i dei aktuelle utsleppsområda. I og med at miljøtilstanden er funne å vere tilfredsstillande og områda ikkje er påverka av ureining, tilrår dei at kommunen kan få unntak frå sekundærreinkekravet, men at tilstanden i resipientane må følgjast opp, t.d. om 5 år.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngeving for vedtak og fastsette vilkår

Formålet med løyvet er å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av kommunalt avløpsvatn og overvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i dei vassførekomstane det gjeld. Dette inneber krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn, medrekna tiltak for å hindre ureining frå overløpsutslepp og lekkasjar frå leidningsnett. I tillegg er det sett krav til kontroll av tilførsler av overvatn ved at ein må å syte for å ha oversikt over inn- og utlekking.

Mange av dei spesifikke vilkåra er sett på bakgrunn av felles europeisk regelverk, som det norske avløpsregelverket også byggjer på. Det er til dømes EU sitt avløpsdirektiv, og OSPAR-konvensjonen om bevaring av det marine miljø. Den gjeldande nasjonale avløpsregelverket har strengare reinsekrav og strengare krav til dokumentasjon i form av prøvetaking, analyse og rapportering av reinseresultat enn Flora kommune sitt tidlegare utsleppsløyve for kommunalt avløp. Krava er innarbeidde som vilkår for det nye løyvet, og reknast som dekkjande for §12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar i naturmangfaldlova.

Vi har ved avgjerda av om løyve skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhalde med dei fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre med seg. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen vidare lagt til grunn kva ein kan nå med beste tilgjengelege teknikkar. I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 naturmangfaldlova og føringane i vassforskrifta lagde til grunn for vår vurdering.

Vi vil streke under at all ureining frå avløpsanlegga isolert sett er uønskt. I løyvet er det difor sett krav om at alle utsleppa må reduserast så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Dette gjeld også for utslepp det ikkje uttrykkelig er sett grenser for. Kommunen må også arbeide for reduksjon jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser.

Kunnskapsgrunnlag og føre-var

Søknaden inneheld ikkje kunnskapsgrunnlag for *alt* naturmangfaldet i sjø som utsleppa potensielt kan påverke. Det ligg likevel føre mykje informasjon om både resipienten og dei komponentane som vil vere i avløpsvatnet. Vi vurderer at det er dei næringsrike og organiske komponentane i

⁴ Mellom anna: Bakke, T. m.fl. *Miljøtekniske undersøkelser, risikovurderingar og tilstaksplan for marine sedimenter utenfor STX Norway Florø AS*. NIVA, rapport 6319-2012, og Bakke, T. m.fl. *Miljøteknisk undersøkelser, trinn 3 risikovurdering og tilstaksplanfor marine sedimenter i Gaddevågen, Florø*. NIVA, rapport 6591-2013.

avløpsvatnet som kan ventast å gje størst miljøpåverknad. Rådgivende Biologer har gjort vurderingar av vasskvaliteten i sjøområda, og grundige resipientgranskningar der tilstanden til botnfauunaen, som er følsam for organisk påverknad, er kartlagt. Det er ikkje registrert relevante artsførekomstar i Artsdatabanken eller Naturbase som utsleppa kan ventast å få verknad på. Det er heller ikkje verneområde eller prioriterte naturtypar i nærleiken av utsleppspunkta. Fylkesmannen vurderer kunnskapsgrunnlaget om verknader for miljø- og naturverdiar som tilstrekkeleg godt til å kunne fatte vedtak i saka. Det er difor ikkje lagt stor vekt på føre-var-prinsippet i vurderinga av om utsleppsløyvet er forsvarleg, ut over at det er sett ei rekkje vilkår som skal avgrense ureining og negative verknader av utsleppa.

Verknad på sjøresipientane

Fylkesmannen skal vurdere om det omsøkte utsleppet kan kome til å verte i strid med vassforskrifta sine reglar om reduksjon av tilstandsklasse i vassførekomsten til lågare enn "god". Utgangspunkta i §§ 4 – 6 i vassforskrifta er at reduksjon av tilstandsklasse ikkje skal tillatast. Paragraf 12 opnar likevel for at reduksjon frå "høg" til "god" tilstand kan tillatast. Reduksjon til lågare enn "god" tilstand kan berre akseptast dersom unntaksreglane i § 12 vert tilfredsstillt. Eksisterande resultat av miljøgranskningar vil kunne samanliknast med seinare miljøovervaking, som vert pålagt som vilkår for løyvet. Vi har ikkje grunn til å tru at utsleppa av primærreinsa kommunalt avløp og overvatn på dei planlagte utsleppsstadene vil kunne føre til lågare tilstand enn "god" i dei berørte vassførekomstane.

Vi har tvert imot ei forventing om at tiltaka som Flora kommune skal gjere på avløpssektoren framover, skal gje ei miljøforbetring. Ei samling av mange mindre og spreidde utsleppspunkt til færre, større og betre reinsa utslepp, i gode resipientar, vil truleg gje mindre samla miljøverknad i sjøområda rundt Florø og Brandsøy enn i dag. Det blir spesielt positivt å få eliminert utsleppa av kommunalt avløp til Melkevika, som var det mest organisk belasta området ved undersøkinga i 2008/2009. Sanering av ureinsa private utslepp til Gaddevågen vil gje hygieniske forbetringar, i tillegg til det resipientmessige. Oppgraderingane som kommunen er i gang med på transportsystemet for avløpsvatnet, med til dømes separering av fellesleidningar, vil også leggje til rette for betre og meir stabil reinsing i reinseanlegga.

Fylkesmannen vurderer at dei samla miljø- og helsemessige konsekvensane av utsleppa – med dei vilkåra som er sette, vil vere akseptable.

Fritak frå sekundærreinskravet

Alle dei tre vilkåra i ureiningsforskrifta § 14-8 som er kravd for at Fylkesmannen skal kunne gje løyve til fritak frå sekundærreinsing, er oppfylte: 1) resipienten er klassifisert som mindre følsam, 2) alle utsleppa over 50 pe frå Florø og Brandsøy tettbygde område skal gjennomgå primærreinsing, og 3) kommunen har etter vårt syn dokumentert tilstrekkeleg at det ikkje er grunn til å vente skadeverknader på miljøet av å tillate fritak frå kravet om sekundærreinsing.

Sjølv om det vert gjeve fritak no, gjer vi merksam på at det likevel på eit seinare tidspunkt kan bli kravd sekundærreinsing, dersom vidare overvaking av resipienten viser skadeverknader på miljøet. Det same gjeld dersom området ikkje lenger kan klassifiserast som mindre følsamt område. Kommunen bør ved bygging/ombygging av reinseanlegg leggje til rette for at anlegga kan endrast dersom det vert behov for det.

Overvaking

Eit vilkår for å kunne få fritak frå kravet om sekundærreinsing, er at det vert gjort jamleg vidare overvaking av at utsleppa ikkje gjev skade på resipientane. Kommunen må også bidra med utslepps- og overvakingsdata som har noko å seie for tilstandsklassifiseringa i vassførekomsten. Overvakinga

skal mellom anna omfatte aktuelle biologiske kvalitetselement med støtteparameter og kjemiske kvalitetselement, og må utførast i tråd med krav etter vassforskrifta og EU sitt avløpsdirektiv⁵. Vi har sett vilkår om at eit forslag til overvåkingsprogram skal sendast inn til Fylkesmannen innan utgangen av 2016, og at overvakinga skal gjennomførast i løpet av 2017, og vidare kvart 4. år. Resultata av overvakinga av resipientane skal fortløpande leggst inn i Vannmiljø, eller leverast til Fylkesmannen på rett importformat⁶ til denne databasen. Miljødirektoratet gjev oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

Framdrift for å oppfylle reinsekrav

Flora kommune har ikkje oppfylt reinsekrava som følgjer av ureiningsforskrifta kapittel 14 innan siste fristen i forskrifta, som var utgangen av 2015. Kommunen har i 2014 sett opp ein detaljert framdriftsplan for arbeidet som står att. Alle tiltaka skal vere ferdige, og alle krav oppfylte, i 2025. Fylkesmannen aksepterer denne framdrifta som det raskaste som let seg gjennomføre i praksis. Vi presiserer at det er viktig at tiltaka vert gjennomført i samsvar med denne framdriftsplanen.

Fylkesmannen aksepterer også at det ikkje let seg gjere å oppnå reinsekrava fullt ut for heile det tettbygde området Florø og Brandsøy før utbyggingar, oppgraderingar og overføringar er ferdigstilte. Vi har difor her gjeve mellombels unntak frå reinsekrava for dei anlegga som skal gjennomgå endringar. Vi vil likevel presisere at Flora kommune pliktar å gjere det som til ei kvar tid er mogleg og nødvendig for å ha lågast moglege utslepp og motverke faren for ureining.

Det er lite dokumentasjon og erfaring mht. prøvetaking og oppnådd reinsegrad med slamavskiljarar som reinseanlegg for større tettstader. Ansvaret for å dokumentere at dei løysingane Flora kommune har valt vil oppfylle primærreinsekravet, ligg på kommunen. Det er difor viktig at de jobbar aktivt med dette. Vi tilrår også at det vert laga ein plan med tiltak som de kan setje i verk innan fristane i framdriftsplanen, dersom det eventuelt viser seg at reinsekrava i første omgang er vanskeleg å etterleve, eller reinsinga er vanskeleg å dokumentere.

I tillegg til den ordinære KOSTRA-rapporteringa, skal kommunen kvart år rapportere framdrift og korleis stoda elles er på avløpssektoren til Fylkesmannen.

Akkreditert prøvetaking

Alle reinseanlegga skal ha akkreditert prøvetaking som dokumentasjon på at primærreinsekravet vert oppfylt, jf. ureiningsforskrifta § 14-11. Dette gjeld både silanlegga og slamavskiljarane. Fylkesmannen krev ikkje at kommunen må investere i oppgraderingar for å oppnå akkreditert prøvetaking for dei av dagens anlegg som skal fasast ut dei nærmaste åra. For dei anlegga som skal bestå, må akkreditert prøvetaking komme på plass i samsvar med kommunen sin framdriftsplan frå 2014.

Slamhandtering

Slam frå avløpssektoren er ein ressurs. Kommunen må sikre at avløpslammet held ein kvalitet som gjer at denne ressursen kan nyttast på ein berekraftig måte. Ved betre reinsing av avløp og overvatn, vil kommunen måtte handtere vesentleg større volum med slam enn tidlegare. Det er viktig at gode system for slamhandteringa vert bygd ut parallelt med oppgraderinga av reinsinga.

Energi

Fylkesmannen set ikkje kvantitative krav verken til energiforbruk totalt, eller spesifikt energiforbruk.

⁵ Jf. Resipientundersøkelser i fjorder og kystfarvann. EUs avløpsdirektiv Rettleiing frå SFT, TA1890/2005 <http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/vann/1890/ta1890.pdf> (eller seinare utgåve).

⁶ <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>

I løyvet er det sett krav til at kommunen skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak for å oppnå mest mogeleg energieffektiv drift av avløpsanlegga. Systemet skal vere utarbeidd på grunnlag av ein grundig gjennomgang av heile verksemda. Omtalen må omfatte mål for energieffektivitet og skriftleg plan for korleis energiforbruk kan reduserast.

Rettleiande haldepunkt for kva systemet bør innehalde:

- Energibalansar for enkeltanlegg og enkeltprosessar
- Plan for jamlege energirevisjonar eller energigjennomgangar
- System for overvaking av energiforbruket på overordna nivå og utstyrsnivå, oppfølging av nøkkelforbruk
- Oversikt over parameter som kan ha innverknad på energiforbruket
- Rutinar for intern rapportering til leing og årsrapportering til Fylkesmannen
- Mål for energieffektivitet (totalt energiforbruk og spesifikt energiforbruk)
- Plan for korleis energiforbruk kan reduserast
- Samanlikning med seg sjølv og andre over tid, basert på utvalde rapporteringsdata
- Vurdering av alternative energibærarar

Risikovurderingar ved graving og utbygging m.m.

Som nemnt, er det registrert ureina sediment i Gaddevågen. All oppgradering og drift av kommunen sine avløpsanlegg og leidningsnett må vere planlagt og risikovurdert slik at faren for ureining eller spreiding av ureining, både på land og i sjø, vert minst mogleg. Vi ber kommunen om å halde Fylkesmannen informert når tiltak vert planlagt i ureina område.

Kommunen skal elles ha kjennskap til om avløpsnett og reinseanlegg påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukte av sårbare artar. Ein må vise særleg aktsemd når ein planlegg nye leidningstrasear og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.

Før det blir bygd nye anlegg og komponentar (pumpestasjonar, kummar og uteareal og leidningar) må kommunen også vurdere moglege kjelder til lukt og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengforhold kan skape luktkonfliktar.

Risikoklasse

For kvart av avløpsanlegga for transport og behandling av avløpsvatn og overvatn skal det fastsetjast ein risikoklasse ut frå anlegga sitt potensiale for ureining, dvs. storleiken på utsleppa og typen resipient som kan påverkast av utsleppa. Fylkesmannen vurderer at alle avløpsanlegga vil ligge innafor risikoklasse 3, som vist i tabellen under.

Område	Tal pe 2015*	Kap. pe, ferdig	Reinsing	Resipientnamn og vassførekomst-ID**	Risiko-klasse
RD3 Sentrum	1 395	8 000	M	Floreвика Gaddevågen, 0281010900-2-C	3
RD10 Kanalen sør	2 043	6 500	S -> M	Solheimsfjorden, 0281010700-C	3
RD9 Storåsen sør	1 305	1 950	S	Solheimsfjorden, 0281010700-C	3
RD6 Havreneset sør	768	1 000	S	Gunhildvågen Klubbevika, 0281011100-2-C	3
RD14 Brandsøysundet	322	740	S	Solheimsfjorden,	3

				0281010700-C	
RD8 Gunhildvågen + Reinsa prosessavløp	11 935	450 +14 000	S	Rekstafjorden, 0281011000-C	3
RD15 Botnastranda og Fjordbase, 2P + 1K	104	150	S	Botnafjorden, 0281010900-1-C	3
RD7 Industrivegen	214	Sanert 2016	S	Gunhildvågen Klubbevika, 0281011100-2-C	3
RD1 Melkevika	1 710	Sanert 2017	S	Florevika Gaddevågen, 0281010900-2-C	3
P mellom RD1 og RD2	100	Sanert 2017	S	Florevika Gaddevågen, 0281010900-2-C	3
RD12 Solheimsfeltet	903	Sanert 2017	S	Solheimsfjorden, 0281010700-C	3
RD4 Havreneset	1 360	Sanert 2022-2025	S	Gunhildvågen Klubbevika, 0281011100-2-C	3

M: silanlegg, S: slamavskiljar, U: ureinsa, P: private avløpsanlegg, K: kommunale avløpsanlegg

* Frå søknad/rapportering til KOSTRA, og industriavløpet i Gunhildvågen iflg. kommunen si berekning av 11.07.2014.

** frå Vann-nett <http://www.vann-nett.no/>

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen si handsaming av søknader om nytt eller endra utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, jf. kap. 39 i ureiningsforskrifta. Ut frå medgått ressursbruk for Fylkesmannen til handsaming av denne søknaden, vert gebyrsats 2 for arbeid med nye løyve nytta. Flora kommune skal då betale eit gebyr på kr. 79 000 (satsen på søknadstidspunktet) for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Konklusjon

På bakgrunn av søknaden og etter ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold har Fylkesmannen kome til at det kan gjevast nytt utsleppsløyve på nærare spesifiserte vilkår.

Løyvedokumentet (utsleppskonsesjon) vert sendt saman med dette skrivet. Dei juridiske krava som elles ikkje går fram av lov- og forskriftsverket, eller er presisert eller innskjerpa i høve til det generelle regelverket, er samla i løyvedokumentet.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tvangsmulkt, straff

Brot på løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av ureiningslova og produktkontrolllova, samt forskrifter fastsett i medhald av disse lovene, er straffbart.

Ved avvik frå løyvet eller ureiningslova kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan

Fylkesmannen gjere vedtak om tvangsmulkt til staten, eller vi kan for dykkar rekning setje i gang tiltak (ureiningslova §§ 73 og 74).

Erstatningsansvar

At ureininga er tilleten, fritek ikkje kommunen frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8 (spesielt § 56), og grannelova §§ 6, 7 og 8.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for ansvar etter anna lovverk som gjeld for denne aktiviteten, t.d. arbeidsmiljø-, helse- og brannvernreglar.

Klagerett

Vedtaket - også plasseringa i risikoklasse og gebyrsats for sakshandsaminga - kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram, eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal oppgje nærare kva det vert klaga på, og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ved klage på gebyrsats må de likevel betale inn det oppsette beløpet. Dersom klagen vert teken til følgje, vert overskytande beløp tilbakebetalt.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen. Andre opplysningar om reglar som har noko å seie for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Offentleggjing av løyvet

Kommunen skal gjere vedtaket offentleg kjent, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta, ved å kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kunngjer også løyvet på vår nettside, www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Flora kommune - løyvedokument for Florø/Brandsøy

Kopi pr. e-post:
Fiskeridirektoratet Region Vest



Løyve etter ureiningslova til Flora kommune for utslepp av kommunalt avløpsvatn og utslepp av overvatn frå tettbygd område i Florø/Brandsøy

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. §§ 16, 22 og 40, og *forskrift om begrensning av forurensning* av 1. juni 2004 nr. 931 (ureiningsforskrifta) § 14-4.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 30.06.2011 og 11.07.2014, framdriftsplan for å støtte reinsekrava datert 19.12.2014 og opplysningar som elles har kome fram under behandlinga av søknaden.

Løyvet omfattar minimumskrava etter ureiningsforskrifta kapittel 14 om *krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser* og andre krav Fylkesmannen har funne nødvendige etter ureiningslova og ureiningsforskrifta.

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve dagsett 17.11.2000.

Kommune	Flora kommune
Postadresse	Markegata 51, 6900 Florø
Org. nummer	974 774 925 Flora kommune teknisk drift
NACE-kode	84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked
Tettbygde område	NO-14-001 Florø og NO-14-002 Brandsøy
Samla avløpsmengd	27 000 personekvivalentar (pe), inkludert næringsverksemd

Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	Risikoklasse ¹
2011/3019	Sjå tabell 1, s. 5-6.	2016.0411.T	Avløp	Alle anlegg: 3

Løyve gitt: 07.06.2016		
Nils Erling Yndesdal fylkesmiljøvernsejef		Gunn Helen Henne senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

¹ Jf. ureiningsforskrifta kap. 39 om *gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven*

Innhald

0.	Føresetnader	4
1.	Rammer for løyvet.....	4
2.	Generelle vilkår.....	6
2.1	Miljømål.....	6
2.2.	Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg	6
2.3.	Internkontroll, miljørisikoanalyse, HMS-dokumentasjon ytre miljø	6
2.4.	Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold	7
2.5.	Nærmiljø.....	7
3.	Utslepp til vatn	8
3.1.	Generelle forhold	8
3.2.	Krav med tilhøyrande tidsfristar.....	8
3.3.	Krav til avløpsnettet	8
3.3.1.	Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn	8
3.3.2.	Krav til kontroll med overvatn tilført avløpsnettet	9
3.3.3.	Krav til utslepp via overløp.....	9
3.3.4.	Krav til verknadsgrad for avløpsnettet.....	9
3.4.	Krav til utslepp frå reinseanlegg.....	9
3.5.	Prøvetaking.....	10
3.5.1.	Krav til analyseparameter og analysemetodar	11
3.5.2.	Uttak av prøver, analysar og vurdering	11
3.5.3.	Oppfylling av reinsekrav	12
3.5.4.	Krav til utsleppspunkt.....	12
3.5.5.	Krav til påslepp frå næringsverksemdar.....	13
3.6.	Avløpsslam.....	13
4.	Utslepp til luft	14
5.	Støy.....	14
6.	Ureina grunn og sediment.....	14
7.	Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining	15
7.1.	Førebyggjande tiltak.....	15
7.2.	Etablering av beredskap	15
8.	Kjemikal	15
9.	Energi.....	15

9.1	Energileiing	15
9.2	Utnytting av overskotsenergi	16
10.	Avfall	16
11.	Oppfølging av resipient	16
11.1.	Overvakingsprogram	16
12.	Informasjon og rapportering til Fylkesmannen.....	17
12.1.	Rapportering til nasjonale system.....	17
12.1.1	KOSTRA-rapportering	17
12.1.2	Innlegging i Vannmiljø	17
12.2.	Årlege vurderingar av driftsforhold.....	17
13.	Større endringar	17
13.1.	Utsifting av utstyr	17
13.2.	Tyngre vedlikehald	18
14.	Tilsyn.....	18
	VEDLEGG 1 – Definisjonar	19
	VEDLEGG 2 – Flora kommune sin framdriftsplan for å stette reinsekrav, dagsett 19.12.2014	21

0. Føresetnader

Løyvet gjeld frå den datoen Fylkesmannen kunngjer løyvet.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Vilkåra er særskilde juridiske krav til kommunen. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

Dersom kommunen ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

1. Rammer for løyvet

Løyvet gjeld utslepp av kommunalt avløpsvatn og overvatn til sjø frå tettbygd område Florø/Brandsøy i Flora kommune på inntil 27 000 personekvivalentar (pe). Avløpsmengda er fordelt på 13 000 pe frå kommunal kloakk (sanitært avløp og overvatn) og 14 000 pe frå reinsa prosessavløp frå industri som vert sleppt ut via kommunalt nett. Løyvet omfattar alle utslepp på 50 pe eller større innafor tettbygd område Florø/Brandsøy.

Prosessavløpet frå industri er knytt til RD8 Gunhildvågen. Dette avløpsvatnet vert reinsa i bedrifta, og kopla på kommunalt nett etter slamavskiljar.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på den geografiske utbreiinga av det tettbygde området (areal) og den samla avløpsmengda (pe utrekna som BOF₅ etter NS 9426). Ved utviding av det tettbygde området som følgje av t.d. utbygging av infrastrukturen i kommunen, eller auka avløpsmengd som følgje av t.d. vesentleg utviding av næringsverksemdar, skal dokumentasjonen på utbreiinga og storleiken til det tettbygde området oppdaterast.

Dersom avløpsmengda frå det tettbygde området vert større enn den storleiken i pe som løyvet omfattar, skal Fylkesmannen varslast.

Løyvet omfattar avløpsanlegg for transport og behandling av kommunalt avløpsvatn og overvatn som går fram av tabell 1. I tillegg omfattar løyvet òg krav til slambehandling og overvaking av resipient.

Anlegga skal drivast, vedlikehaldast og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at funksjon og yting heile tida er slik det er venta, og er stabile trass i variasjonar i belastning og klimatilhøve.

Tabell 1. Avløpsanlegg større enn 50 pe som er omfatta av løyvet

RD	Område/ utsleppspunkt per 2015 (med anleggsnr. i Forurensningsdatabasen)	Tal pe 2015*	Tiltak i perioden 2015-2025, jf. handlingsplan 19.12.2014	Kapasitet pe, 2025	Rensing, ferdig
1	Melkevika <ul style="list-style-type: none"> Brandsøyåsen nordvest (1401.0028.01) Ragnarud/Hovland (1401.0032.01) 	1 710	-Overført til RD 10	-	
	P mellom RD1 og RD2	100	-Overført til RD 10	-	
3	Sentrum <ul style="list-style-type: none"> Sentrum (1401.0037.01) Silanlegg Stranda (1401.0109.01) 	1 395	-Utvide silanlegget til 8000 pe -Akkreditert prøvetaking -Følgjande utslepp sanert: RD4 Kvalvågen/Håvågen	8 000	M

			RD4 Nordnes RD4 Breivika (3 utslepp)		
4	Havreneset <ul style="list-style-type: none"> Kvalvågen (1401.0027.01) Nordnes (1401.0039.01) Breivika (3 utslepp) (1401.0040.01) 	1 360	-Overførast til RD 3	-	
6	Havreneset sør (1401.0041.01)	768	-Akkreditert prøvetaking	1 000	S
7	Industrivegen (1401.0046.01)	214	-Overførast til utslepp RD8 Gunhildvågen	-	
8	Gunhildvågen (1401.0039.01) + Reinsa prosessavløp frå fiskeindustri	11 935	-Akkreditert prøvetaking	450 + 14 000	S
9	Storåsen sør <ul style="list-style-type: none"> Storåsen sør (1401.0024.01) Brendøvegen/ Kystmuseet (1401.0048.01) 	1 305	-Akkreditert prøvetaking -Utslepp RD9 Brendøvegen/ Kystmuseet sanert	1 950	S
10	Kanalen sør <ul style="list-style-type: none"> Kanalen sør (1401.0098.01) Krokane vest/Nygård (1401.0031.01) Kleiva/Båtevika/Soldal (1401.0044.01) Krokane vest (1401.0045.01) Prata Gaddevågen (1401.0050.01) 	2 043	-Nytt silanlegg 6500 pe -Akkreditert prøvetaking -Følgjande utslepp sanert: RD1 Brandsøyåsen nordvest RD1 Ragnarud/Hovland RD10 Krokane vest/Nygård RD10 Kleiva/Båtevika/Soldal RD10 Krokane vest RD10 Prata RD12 Solheimsfeltet	6 500	M
12	Solheimsfeltet (1401.0029.01)	903	-Overførast til RD10	-	
14	Brandsøysundet (1401.0052.01)	322	-Akkreditert prøvetaking	740	S
15	Botnastranda og Fjordbase, (2P + 1K)	104	-	150	S
	Sum	22 162		32 790	

M: silanlegg, S: slamavskiljar, U: ureinsa, P: private avløpsanlegg, K: kommunale avløpsanlegg

* Frå søknad/rapportering til KOSTRA, og industriavløpet i Gunhildvågen iflg. kommunen si berekning av 11.07.2014.

2. Generelle vilkår

2.1 Miljømål

Formålet med løyvet er å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i dei vassførekomstane som avløpsvatnet vert sleppt ut til. Dette medfører krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn, medrekna tiltak for å hindre ureining frå overløpsutslepp og lekkasjar frå leidningsnettet. I tillegg er det sett krav til kontroll på tilførsler av overvatn ved at kommunen må syte for å ha oversikt over inn- og utlekking.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

Kommunen må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering (vesentleg slamhandteringa). Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar kommunen å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.3. Internkontroll, miljørisikoanalyse, HMS-dokumentasjon ytre miljø

Kommunen må innan 31.12.2016 gjennomføre ein miljørisikoanalyse². Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omtale alle forhold ved reinseanlegg og avløpsleidningar som dette løyvet gjeld for, og som kan medføre ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar. Det skal leggjast spesiell vekt på sårbare anleggskomponentar, område med moglege brukarkonflikter og klimaeffektar som auka nedbørsintensitet og havnivåstiging. Potensielle kjelder til akutt ureining av vatn, grunn og luft skal også kartleggast.

Med grunnlag i analysen skal kommunen vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet. Fylkesmannen kan overprøve vurderingar og konklusjonar. Risikovurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Flora kommune sin internkontroll³ for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risikovurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift.

Kommunen må m.a. sikre at avløpsnettet og tilhøyrande komponentar (kummar, pumpestasjonar og overløp) blir haldne ved like på ein slik måte at den funksjonen ein ønskjer, heile tida blir halden ved lag. Rutinar for drift og vedlikehald av avløpsanlegga skal vere i samsvar med internkontrollforskrifta.

De må

- fastsetje mål og tidfeste delmål for å etterkome krava til funksjon for avløpsanlegget
- ha oversikt over inn- og utlekking av framandvatn til og frå avløpsnettet
- dokumentere god kontroll av korleis avløpsnettet fungerer

Kommunen skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

² Framgangsmåten bør følge prinsippa i rettleiing i Norsk Vann - rapport 197-2013 *Avløpsanlegg - Vurdering av risiko for ytre miljø*, som byggjer på Norsk Standard NS5814:2008 *Krav til risikovurdering*.

³ Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

Kommunen skal ha kjennskap til om avløpsnett og reinseanlegg påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukte av sårbare artar. Kommunen må vise særleg aktsemd når ein planlegg nye leidningstrasear og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.

Kommunen skal syte for at personell har dokumentert og relevant kompetanse om drift og vedlikehald av reinseanlegget og transportsystemet. Innleigde firma kan berre nyttast dersom dei kan vise til relevant kompetanse i planlegging og utbygging/utbetring og eventuelt drift og vedlikehald.

2.4. Tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining eller manglande avfallshandtering, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren.

Kommunen skal straks informere Fylkesmannen

- når utsleppsmåling viser overskriding med 100 % eller meir av det reinsekrava tilseier,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at immisjon til omgjevnadane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar (t.d. driftsstans pga. uhell eller langvarig straumbrot),
- når avfall vert lagra lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Ved gjentekne hendingar skal kommunen etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar og eiga oppfølging. Ein skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

Merk at kommunen også har varslingsplikt etter gjeldande forskrift om akutt ureining⁴.

2.5. Nærmiljø

Nærmiljøet omfattar mellom anna folk, husdyr, ville dyr, natur og vatn, og skal sikrast mot ulempe som følgje av drifta. Kommunen skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at ulemper frå utslepp til vatn og luft (luft og støy), skadedyr, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum.

Alt som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

Ved behov skal det utarbeidast program for å hindre skadedyr og –plantar. Framande artar i kategoriane med høg risiko (*svært høg*, *høg* eller *potensielt høg*) skal ikkje finnast på anleggsområda eller areal i rimeleg nærleik.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

⁴ Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269

3. Utslepp til vatn

3.1. Generelle forhold

Gjennomført og planlagd utbygging av avløpsanlegg for transport og behandling av kommunalt avløp skal dokumenterast, fortrinnsvis i ein kommunal avløpsplan (hovudplan avløp og vassmiljø, saneringsplan eller tilsvarande).

Jamvel om utsleppa vert haldne innafør fastsette utsleppsgrenser, pliktar kommunen å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimeleg store kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

3.2. Krav med tilhøyrande tidsfristar

Tabell 2. Tidsfristar

Tiltak	Frist	Referanse
Utarbeide ROS-analyse	31.12.2016	2.3
Innføre systematisk tilstandsregistrering for leidningsnett	31.12.2016	3.3.2
Forslag til overvakingsprogram til godkjenning	31.12.2016	11.1
Utarbeide tiltaksplan mot tilførsel av overvatn til avløpssystemet	31.12.2017	3.3.2
Vurdere behov for reinsing av overvatn	31.12.2017	3.3.2
Dokumentere verknadsgrad for avløpsnett ved modell eller anna	31.12.2017	3.3.4
Etablere system for vurdering av energiforbruk	31.12.2017	9
Gjennomføre overvaking i resipientane	31.12.2017	11
Dokumentere ureining frå overløp	31.12.2018	3.3.3
Innføre primærreinsing i dei enkelte reinseanlegga, sanere utsleppspunkt	I følgje framdriftsplan dagsett 19.12.2014	3.4 og Vedlegg 2
Dokumentere primærreinsing i alle reinseanlegg	31.12.2025	3.4
Gjennomføre planlagte tiltak for å redusere utslepp fra overløp	31.12.2025	3.3.3
Gjennomføre planlagte tiltak for å redusere lekkasje	Kontinuerlig	3.3.4
KOSTRA-rapportering	15.2 – årleg	12.1
Lage årsrapport til Fylkesmannen	15.3 – årleg	12.2

3.3. Krav til avløpsnett

Avløpsnett skal dimensjonerast, byggast, drivast og haldast ved like med den teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata for noverande og framtidig tilstand i miljøet.

3.3.1. Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn

Tilknyttinga til kommunalt avløpsnett innanfor det tettbygde området Florø/Brandsøy bør vere 100 %. Avløpsvatn frå nye bustader skal knytast til det offentlege avløpssystemet, jf. reglane i plan- og bygningslova.

3.3.2. Krav til kontroll med overvatn tilført avløpsnett

Overvatn bør separerast frå sanitært avløpsvatn for å redusere utslepp frå avløpsanlegget. Tiltaksplanar skal gjere greie for status og ambisjonar som skal sikre at overvassmengdene blir så små som praktisk mogleg. Det skal innførast systematisk registrering av tilstand på leidningsnett innan 31.12.2016.

Det skal dokumenterast at valet av intensitets- og varigheitskurver for dimensjonerande tilrenning til avløpsnett er tilstrekkeleg oppdaterte og tek omsyn til forventa klimaeffekt.

Kommunen skal innan 31.12.2017 lage ein plan som viser korleis overvatn påverkar leidningsnett i ulike avrenningssituasjonar, og tiltak som skal setjast i verk for å redusere tilførsler av overvatn til avløpsnett.

Behov for reinsing av overvatn skal vurderast innan 31.12.2017.

3.3.3. Krav til utslepp via overløp

Kommunen skal ha oversikt over alle overløp og vesentlege lekkasjar på avløpsnett. Driftstida på overløpa skal registrerast eller bereknast for eit dimensjonerande år. Kommunen må dokumentere ureining frå overløp innan 31.12.2018.

Den samla mengda utslepp via overløp skal vere under 2 % over året innan 31.12.2025. Ved fare for overskridingar skal utjamningstiltak setjast i verk. Slike tiltak kan setjast inn framfor leidningsnett, i nettet eller eventuelt i tilknytning til overløp.

Utslepp via overløp skal ikkje føre til forsøpling. Nødvendige tiltak skal gjennomførast for å sikre dette.

Kommunen må fastsette responstid for utbetring av feil som fører til naudoverløp. Dette bør gjerast som del av ei risikovurdering, jf. vilkår 2.3, der ein mellom anna tek omsyn til resipienttilhøve.

3.3.4. Krav til verknadsgrad for avløpsnett

Verknadsgraden til avløpsnett, det vil seie *kor stor del av det ureina avløpsvatnet som kjem fram til reinseanlegga*, skal dokumenterast. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldene til tap blir berekna eller vurderte kvalitativt. Dokumentasjonen skal vere ferdig innan 31.12.2017.

Kommunen skal kontinuerleg gjennomføre planlagde tiltak for å redusere utlekking. Utslepp på grunn av feilkoplingar, stans i pumpestasjonar, lekkasje frå spillvassleidning til overvassleidning eller utslepp som kjem av tilstoppingar, skal ikkje redusere verknadsgraden i avløpsnett med meir enn 5 % over året fram til 31.12.2025 og deretter maksimalt 3 %.

3.4. Krav til utslepp frå reinseanlegg

Reinseanlegga skal dimensjonerast, byggast, drivast og haldast vedlike slik at dei har tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatiske tilhøve minst inntil 5-års flom.

Avløpsslam eller ristgods er ikkje tillate å sleppe ut i ein vassførekomst.

Utsleppa frå avløpsanlegga for tettbygd område Florø/Brandsøy går til sjøområde klassifisert som *mindre følsamt område*, jf. vedlegg 1 til kap. 11 i ureiningsforskrifta. Fylkesmannen gjev unntak frå sekundærreinsekravet i samsvar med vilkåra sett for dette i ureiningsforskrifta §14-8. Dersom sjøområda som utsleppa går til vert omklassifisert, eller miljøovervaking jf. vilkår 11.1 viser skadeverknad på miljøet, vil grunnlaget for unntak falle bort, og krav til sekundærreinsing likevel måtte oppfyllest innan sju år.

Avløp i alle avløpsanlegg større enn 50 pe i Florø/Brandsøy skal gjennomgå primærreinsing før utslepp til sjø.

Kvart reinseanlegg må oppfylle krava til reinsing i tabell 3 under. Avlastning frå overløp tilknytt reinseanlegga er inkludert i reinsekrava. Prøver av *både* suspendert stoff (SS) og biokjemisk oksygenforbruk (BOF₅) må minst oppfylle anten kravet til konsentrasjon *eller* reinseeffekt i ureiningsforskrifta §14-2:

Tabell 3. Krav til reinsing.

Reinseanlegg	Reinsekrav	Kontrollparameter	
		SS	BOF ₅
Alle reinseanlegg for avløpsmengder større enn 50 pe i tettbygd område i Florø/Brandsøy	Primærreinsing	50% reduksjon eller maks 60 mg/l	20% reduksjon eller maks 40 mg/l

Reinsekrava for utsleppa for avløpsvatn frå tettbygd område Florø/Brandsøy skulle vore oppfylte seinast 31.12.2015, jf. ureiningsforskrifta §14-17. Fylkesmannen gjev mellombels unntak frå reinsekrava for dei avløpsanlegga som er under ombygging, jf. §14-8. Desse reinseanlegga med tilhøyrande leidningsnett skal oppgraderast i samsvar med kommunen sin framdriftsplan dagsett 19.12.2014, slik at alle reinsekrava er dokumentert oppfylte for heile det tettbygde området seinast innan 31.12.2025.

Alle avløpsanlegga som løyvet omfattar må minst oppretthalde dagens reisenivå fram til ombygging/utfasing.

Status for oppgradering i høve til framdriftsplanen skal rapporterast til Fylkesmannen kvart år, jf. vilkår 12.2.

For reinseanlegg med påslepp frå industriverksemder som reinsar avløpsvatnet sitt før påslepp, kan denne reinseeffekten reknast med ved utrekning av total reinseeffekt, jf ureiningsforskrifta § 14-2.

Kommunen pliktar snarast å varsle Fylkesmannen dersom reinsekrava vert overskridne med 100 % eller meir.

3.5. Prøvetaking

Reinseanlegga skal vere utforma slik at ein kan ta representative prøver både av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet. Krava til prøvetakinga er meir detaljert utdjupa i ureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-13 og i vedlegg 2 til ureiningsforskrifta kapittel 11.

3.5.1. Krav til analyseparameter og analysemetodar

Tabell 4. Tal prøver per år av inn- og utløpsvatn som skal analyserast for ulike parameter frå det enkelte reinseanlegget i tettbygd område Florø/Brandsøy.

Reinseanlegg	Analyseparameter	Årleg tal analyser per reinseanlegg	Metode
<u>Større reinseanlegg:</u> -RD3 Sentrum -RD10 Kanalen sør -RD9 Storåsen sør	BOF ₅ SS Tot-P	12 12 6	Døgnblandprøve Døgnblandprøve Døgn- eller vekeblandprøve
<u>Mindre reinseanlegg:</u> -RD6 Havreneset sør -RD8 Gunhildvågen -RD14 Brandsøysundet -RD15 Botnastranda og Fjordbase	BOF ₅ SS Tot-P	6 6 6	Døgnblandprøve Døgnblandprøve Døgn- eller vekeblandprøve

3.5.2. Uttak av prøver, analysar og vurdering

Kommunen skal syte for at det blir teke prøver av tilført og reinsa avløpsvatn. Mengda av tilført avløpsvatn (vassføring) skal målast ved prøvetaking, med ei maksimal uvisse på 10 % for totalt utslepp, inkludert overløp. Verksemdar som utfører prøvetaking, medrekna konservering, skal vere akkrediterte for prøvetaking eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ein kvalifisert nøytral instans.

Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og skal takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem. Prøvene skal takast med jamne mellomrom gjennom året. Prøvetakingstidspunktet skal vere i samsvar med ein tidsplan oppsett på førehand i internkontrollen til kommunen. Prøvene skal takast vare på og eventuelt konserverast i samsvar med Norsk Standard eller annan velkjend laboratoriepraksis.

For kvart reinseanlegg i tettbygd område Florø/Brandsøy skal det minst takast 6 eller 12 prøver årleg av både tilført og reinsa avløp for å vise at primærreinskrava er oppfylte, avhengig av avløpsmengda ved det enkelte anlegget, jf. ureiningsforskrifta § 14-11:

- a) minst 6 prøver per år frå avløpsanlegga som er mindre enn 1000 pe
- b) minst 12 prøver per år frå avløpsanlegga som er større enn 1000 pe

Desse skal analyserast for biokjemisk oksygenforbruk (BOF₅) og suspendert stoff (SS).

I tillegg skal 6 prøver årleg av tilført og reinsa avløp frå alle anlegg analyserast for total fosfor (tot-P), jf. punkt 2.1.b) i vedlegg 2 til kapittel 11 i ureiningsforskrifta.

Prøver som skal analyserast for BOF₅ og SS skal takast som døgnblandprøver. Prøver som skal analyserast for tot-P skal takast som døgn- eller vekeblandprøver. Fleire krav til analysemetodane er gjeve i vedlegg 2 til kapittel 11 i ureiningsforskrifta.

Dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal det som går i overløp målast eller registrerast og reknast med i reinsegraden.

3.5.3. Oppfyllding av reinsekrav

Alle reinsekrav skal oppfylldast innanfor dei fastsette midlingstidene.

Reinsekrav skal dokumenterast for kvart prøvedøgn/ kvar prøveveke. Årleg reinseeffekt og utløpskonsentrasjonar skal reknast ut som eit gjennomsnitt av enkeltverdiar. Midlingstid og kor mange prøver som skal leggjast til grunn for utrekningane, går fram av tabell 5. For fosfor er kravet definert som middelverdien over eit kalenderår.

Tabell 5. Tal prøver som kan vere over konsentrasjonskravet eller under reinseeffektkravet for BOF₅ og SS utan at reinsekravet er brote.

Kor mange prøver som er tekne i løpet av eit år	Kor mange prøver som ikkje treng oppfylle reinsekrava i tabell 3
4–7	1
8–16	2
17–28	3
29-40	4

Ved berekning av utslepp via overløp kan målte innløpsverdiar til reinseanlegget eller berekna konsentrasjonar baserte på fortynning akseptterast.

Ved vurdering av analyseresultat skal det ikkje takast omsyn til *ekstreme analyseverdiar* dersom dei kjem av uvanlege tilhøve, som til dømes kraftig nedbør.

Eventuelle annulleringar av prøver på grunn av uvanlege tilhøve skal grunngjevast og dokumenterast. Det skal alltid takast ut prøver og gjerast analysar, sjølv om dei omstenda og tilhøva som ligg føre, gir grunn til å tru at det har vore uvanlege tilhøve. Annullering av prøver kan gjerast på grunnlag av dei analyseresultata som ligg føre, sjå SFT: Informasjon TA 2220/2007⁵.

Avrenning frå snøsmelting og nedbør innanfor gjeldande kriterium for dimensjonering av leidningsnett og reinseanlegg, eller driftsproblem ved reinseanlegg der dårleg leidningsnett er hovudårsaka, er ikkje å rekne som uvanlege tilhøve.

3.5.4. Krav til utsleppspunkt

Reinsa avløpsvatn skal først først til sjø på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, og slik at kyst-/strandlinja ikkje blir påverka. Plassering av utsleppspunkt og utsleppsdjupne for dei enkelte utsleppa må fastsetjast ut frå berekningar av innlagring, fortynning og konsentrasjonen til avløpsvatnet.

Plassering av dagens utsleppspunkt er vist i tabell 6 under. Avstanden frå land reknast som horisontal avstand frå strandkanten ved middelasstand.

Kommunen må ha løyve til legging av leidningar etter hamne- og farvasslova.

Tabell 6. Utsleppspunkt

Reinseanlegg	Koordinatar, utsleppspunkt UTM 32 EUREF 89	Djupne	Avstand til land	Resipientnamn og vassførekomst-ID*
RD3 Sentrum	288746 6836378	26m	220m	Florevika Gaddevågen, 0281010900-2-C
RD10 Kanalen sør	290645 6834920	30m	75m	Solheimsfjorden, 0281010700-C
RD6 Havreneset sør	287699 6835425	6m	50m	Gunhildvågen Klubbevika, 0281011100-2-C
RD8 Gunhildvågen	287872 6833642	51m	200m	Rekstafjorden, 0281011000-C
RD9 Storåsen sør	289578 6834061	26m	215m	Solheimsfjorden, 0281010700-C
RD14 Brandsøysundet	295354 6835728	61m	70m	Solheimsfjorden, 0281010700-C
RD15 Botnastranda industriområde og Fjordbase	293350 6837220	20m	50m	Botnafjorden, 0281010900-1-C

* frå Vann-nett <http://www.vann-nett.no/>

3.5.5. Krav til påslepp frå næringsverksemder

Påslepp av prosessvatn frå næringsverksemd til kommunalt nett skal skje på ein slik måte at krava til utslepp frå leidningsnett og reinseanlegg vert haldne, og slik at ikkje kvaliteten på avløpsslammet vert forringa med tanke på vidare handtering og disponering.

Kommunen kan gi nærmare føresegner om behandling og krav til påslepp i samsvar med ureiningsforskrifta § 15 A-4. Det vil seie at kommunen kan stille krav for å verne leidningsnett, reinseanlegg, slam eller arbeidsmiljø. Nokre verksemdar med utslepp til kommunalt leidningsnett har også særskilte vilkår i løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet, eller fastsett i forskrifter.

3.6. Avløpsslam

Avløpsslam skal handterast ved godkjent anlegg for slamhandtering. Ristgods frå avløpsanlegga skal leverast til godkjent mottak.

Slam frå siler < 0,5 mm kan handterast som avløpsslam, og skal ikkje leggest i deponi.

Kommunen pliktar å syte for at alt avløpsslam som skal brukast til gjødsel eller jordforbetring, blir handtert i samsvar med gjødselvarsforskrifta⁶. Ved prøvetaking av slammet skal ein nytte velkjende metodar for å oppnå representative prøver.

Innhaldet av miljøgifter i avløpsvatn og slam skal avgrensast så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Kommunen skal ha etablert og sett i verk eit system for informasjon og kjeldesporing som sikrar at tilførsler frå potensielle punktkjelder blir haldne på eit minimum.

Fylkesmannen kan påleggje kommunen å delta i kartlegging for å dokumentere nivå av miljøgifter i slam.

⁶ Forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav av 4.7.2003, nr.951

Eit samandrag av prøvetaking og analysar inkludert vurdering av resultatata med konklusjonar skal vere med i årsrapporten for reinseanlegga, jf. vilkår 12.2.

4. Utslepp til luft

Lukt frå reinseanlegg, slambehandlingsanlegg, pumpestasjonar, overløp, kummar og eventuelle lufteinnretningar skal avgrensast så langt mogleg med best tilgjengeleg teknologi. Kommunen skal ha oversikt over kjelder, eventuelle klagar/spørsmål om lukt og vurdere behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak. Alle aktivitetar som kan føre til utslepp av lukt må skje mest mogleg innelukka.

Anlegg for utrotning av slam skal drivast slik at utslepp av metan vert avgrensa mest mogleg. Gass skal samlast opp og nyttegjerast dersom dette er mogleg. Jf. også krav til energieffektivitet i kap 9.

5. Støy

Utandørs støy frå reinseanlegga skal ikkje overskride følgjande grenser, målte eller berekna som fritt feltsverdi ved den mest støyutsette fasaden ved eksisterande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde i nærleiken:

Tabell 7. Støygrenser

Tidsintervall*	Utrekningsmåte	Måndag-fredag	Laurdag	Sundag/ heilagdag
Dag (kl. 07-19)	L_{den}	55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Kveld (kl. 19-23)	$L_{evening}$	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)
Natt (kl. 23-07)	L_{night}^{**}	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)
	L_{AFmax}	60 dB(A)	60 dB(A)	60 dB(A)

For definisjonar sjå vedlegg 1.

** For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

Alle støygrenser skal haldast i alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta av reinseanlegga, inkludert intern transport på anleggsområdet og lossing/lasting av råvare, slam o.l. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for ny busetnad m.m. som nemnt over, som vert etablert etter avløpsanlegga.

Det er ikkje venta at drifta vil gje støy som jamleg går ut over sette grenseverdier. Kommunen pliktar å dokumentere støynivåa etter nærare krav frå Fylkesmannen.

6. Ureina grunn og sediment

Reinseanlegg og avløpsleidningar skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Når det skal leggjast nye avløpsleidningar eller på anna måte gravast i grunnen eller sjøbotnen, skal kommunen ha kjennskap til om arbeidet vil komme i konflikt med område med ureina grunn eller ureina sediment, og gjere nødvendige tiltak.

7. Førebyggjande tiltak og beredskap mot akutt ureining

7.1. Førebyggjande tiltak

Kommunen skal ha oversikt over dei miljøressursane som kan bli truga av akutt ureining og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

På grunnlag av utført miljørisikoanalyse, sjå vilkår 2.3, skal kommunen setje i verk risikoreduserande tiltak. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast. Kommunen skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

7.2. Etablering av beredskap

Kommunen skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som aktivitetane til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempe som kan skje.

Beredskapen skal dokumenterast i ein beredskapsplan, som minimum skal omtale:

- etterprøvbare mål
- definerte fare- og ulukkessituasjonar (uhellsscenarie)
- rutinar for tiltak dersom fare- og ulukkessituasjonar skjer
- dimensjonering av personell og deira kompetanse, personleg verneutstyr, innsatsmateriell og responstid
- skildring av beredskapssamarbeid med eksterne partar
- skildring av øvingsopplegg

8. Kjemikal

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal kommunen dokumentere at den har gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikalia på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Kommunen skal ha eit dokumentert system som jamleg vurderer utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substusjon). Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar ein å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁷

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetting, eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Kommunen skal unngå å bruke produkt der sikkerhetsdatabladet har manglande opplysningar i seksjon 12 (økologiske opplysningar), 13 (disponering) og 15 (tilvising til norsk regelverk).

9. Energi

9.1 Energileiing

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ei mest mogleg energieffektiv drift av heile avløpssektoren. Energistyringsystemet skal vere etablert

⁷ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁸ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

innan 31.12.2017, og skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og inngå i kommunen sin internkontroll.

9.2. Utnytting av overskotsenergi

Kommunen skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi internt. Kommunen skal leggje til rette for at slik energi skal kunne utnyttast eksternt, med mindre det kan godtgjerast at dette ikkje er teknisk mogleg eller fører med seg urimelege kostnader.

10. Avfall

Kommunen skal drifte reinseanlegget slik at mest mogeleg avløpsslam vert teke ut av avløpsvatnet. Anna avfall skal ein så langt det er mogleg med best tilgjengeleg teknologi å unngå at vert danna som følge av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest muleg.

Kommunen pliktar å sørgje for at all handtering av avfall skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta⁹.

Anna avfall som oppstår i eller ved reinseanlegget, skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon, eller – for brennbart avfall – søkast nytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik nytte må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, og krav fastsett i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate utan at det skjer i forbrenningsomn med særskild løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet.

Lagring av avfall skal skje på særskild avsett område. Lagring av farleg avfall skal skje under tak og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

11. Oppfølging av resipient

11.1. Overvakingsprogram

Kommunen skal kvart fjerde år syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø i samsvar med eit overvakingsprogram. Overvakingsprogrammet skal dekke alle vassførekomstane som direkte eller indirekte kan verte påverka av utsleppa av avløpsvatn frå reinseanlegga i tabell 6, og skal godkjennast av Fylkesmannen. Overvakinga skal mellom anna omfatte aktuelle biologiske kvalitetselement med støtteparameter og kjemiske kvalitetselement.

Eit vilkår for å kunne få fritak frå forskriftskravet om sekundærreinsing, når dei samla utsleppa frå det tettbygde området er større enn 10 000 pe, er at det vert gjort jamleg overvaking, for å kontrollere at utsleppa ikkje gjev skade på resipientane, og at området framleis kan klassifiserast som mindre følsamt område. Omfanget av overvakinga skal vere som det er gjort greie for i gjeldande utgåve av "Resipientundersøkelser i fjorder og kystfarvann, TA-1890"¹⁰.

Overvakinga skal gjerast i samsvar med vassforskrifta¹¹, Norsk Standard og god laboratoriepraksis så langt det er mogleg. Verksemder som utfører overvakinga, skal vere akkrediterte for felt- og analysearbeid eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for felt- og analysearbeid godkjent av ein kvalifisert nøytral instans. Dersom tilsvarande overvaking òg blir gjort av andre, kan kommunen medverke til ei samordna overvaking.

⁹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

¹⁰ Resipientundersøkelser i fjorder og kystfarvann. EUs avløpsdirektiv Rettleiing frå SFT, TA1890/2005 http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2002/November/Resipientundersokelser_i_fjorder_og_kystfarvann_EUs_avlopsdirektiv/ (eller seinare utgåve).

¹¹ Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr 1446.

Overvakinga skal setjast i gang innan 31.12.2017 slik at overvakingsrapportar kan sendast Fylkesmannen frå 2018 og deretter kvart fjerde år. Eit forslag til overvakingsprogram skal leggjast fram for Fylkesmannen for godkjenning innan 31.12.2016.

12. Informasjon og rapportering til Fylkesmannen

12.1. Rapportering til nasjonale system

12.1.1 KOSTRA-rapportering

Kommunen skal rapportere avløpsdata til KOSTRA innan 15. februar kvart år.

12.1.2 Innlegging i Vannmiljø

Alle relevante miljødata frå overvaking av vasskvalitet, sediment og biota i resipientane skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹². Data må leverast på Vannmiljø sitt importformat¹³.

12.2. Årlege vurderingar av driftsforhold

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen innan 15.mars kvart år om tilhøve ved avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking. Rapporten må dokumentere om vilkåra for løyvet er haldne, og gjere greie for årsaker til eventuelle avvik og kva tiltak som er sett i verk for å rette opp avvika.

Rapporten skal som minimum omtale:

- Status for oppfølging av tidsfristar og framdrift for ombyggingar/oppgraderingar
- Korleis avløpsnettet fungerer, inkludert driftstid eller mengder avlasta for overløp og utrekning/måling av innlekking og utlekking
- Risikovurderingar og oppfølging førre år, særskild om utbygging, vedlikehald og utbetring av reinseanlegg og avløpsnettet
- Omfanget av tiltak for å redusere tilførsler av overvatn, medrekna forventa og registrert effekt av tiltaka, inkludert større separeringstiltak
- Korleis reinseanlegga fungerer jf. krav og mål, og årsaker til ev. overskridingar. Vidare skal ein gjere greie for trendar for reinsing, driftsstabilitet og framtidig reinsekapasitet.
- Resultat, trendar og eigen vurdering av resipientovervaking
- Resultat frå ev. målingar av tungmetall og organiske miljøgifter i innløp og reinsa avløpsvatn
- Slambehandling
- Fagleg grunngjeve behov for tiltak, oppgraderingar, utskifting, utviding, tyngre vedlikehald med meir

Data som blir rapporterte til KOSTRA eller Vannmiljø, er ikkje nødvendig å repetere i årsrapporten, ut over det kommunen finn føremålstenleg og naturleg for å underbygge konklusjonar.

13. Større endringar

13.1. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen på førehand ha melding om dette.

Ved utskifting av utstyr skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

¹² www.vannmiljo.no

¹³ <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>

13.2. Tyngre vedlikehald

Ombygging, utbetring, utviding eller anna tyngre vedlikehald som gjer det nødvendig å redusere eller stanse reinseanlegget kan berre skje etter samtykke frå og ev. i samsvar med nærare krav frå Fylkesmannen. Aktivitetar som kan føre til fare for ureining, kan ikkje setjast i gang før Fylkesmannen har gitt mellombels unntak. Under slikt arbeid skal kommunen gjere det som til kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining.

14. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegga til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

VEDLEGG 1 – Definisjonar

Sjå også fleire definisjonar i ureiningsforskrifta del 4 om avløp.

- **Personekvivalent (pe)**, er definert i ureiningsforskrifta §11-3 som «den mengde organisk stoff som brytes ned biologisk med et biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF₅, på 60 g oksygen per døgn. Avløpsanleggets størrelse i pe beregnes på grunnlag av største ukentlige mengde som samlet går til overløp, renseanlegg eller utslippspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlige forhold som for eksempel skyldes kraftig nedbør.»
Det er laga ein Norsk Standard 9426 for å bestemme pe i avløpsvatn.
- **Biokjemisk oksygenforbruk (BOF)** er eit mål for mengd oksygenforbrukande materiale i vatn, og vert brukt til å kvantifisere bakteriell nedbryting av organisk materiale i vassprøver over ei viss tid. BOF₅ viser til metoden med måling over 5 døgn.
- **Suspendert stoff (SS)** er innhaldet av partiklar/ fast stoff i avløpsvatnet. SS kan vere både større, lett sedimenterbare partiklar og svevestoff, og vert bestemt med filtrering eller sentrifugering og tørking.
- **Kjemisk oksygenforbruk (KOF)** er eit mål for kjemisk nedbrytbart organisk stoff i vatn. KOF_{CR} viser til metoden med tilsats av kaliumdikromat som oksidasjonsmiddel.
- **Primærreinsing** er ein reinseprosess der både
 1. BOF₅ -mengda i avløpsvatnet vert redusert med minst 20 % av det som vert tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 40 mg O₂ /l ved utslepp, og
 2. SS-mengda i avløpsvatnet vert redusert med minst 50 % av det som vert tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 60 mg/l ved utslepp.
- **Sekundærreinsing** er ein reinseprosess der både
 1. BOF₅ -mengda i avløpsvatnet vert redusert med minst 70 % av det som vert tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 25 mg O₂ /l ved utslepp, og
 2. KOF_{CR} -mengda i avløpsvatnet vert redusert med minst 75 % av det som vert tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 125 mg O₂ /l ved utslepp.
- **Fosforfjerning** er ein reinseprosess der fosformengd i avløpsvatnet vert redusert med minst 90 % av det som vert tilført reinseanlegget.
- Med **miljøressursar** som omtalt i vilkår 2.3 og 7.1 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.
- Med **skadedyr** i vilkår 2.5 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følgje av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.
- Med **framande artar** i vilkår 2.5 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."

Dei omtalte risikokategoriane er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på www.artsdatabanken.no.

- **Støy**, jf. vilkår 5:
 - **L_{den}** er A-vegd ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB skjerpning på natt / kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07. L_{den} er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49). NB! midlingstid for L_{den}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
 - **L_{evening}** er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 4 timar mellom kl. 1900 og 2300. NB! midlingstid for L_{evening}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift.
 - **L_{night}** er A-vegd ekvivalentnivå for perioden på 8 timar natt i mellom kl. 2300 og 0700. NB! midlingstid for L_{night}-nivået her gjeld for dag, kveld og natt for det døgnet med høgast støyemisjon ved normal drift. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.
 - **L_{AFmax}** er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafør perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.
 - Med **immisjon** (av støy) meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtrykknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
 - Lydeffektnivå (L_{WA}) er A-vegd lydenergi frå støyande gjenstand/aktivitet.
- Med **kjemikal** i vilkår 8 meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda, både som råstoff og som hjelpekjemikal. Døme på slike kjemikal er groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannhindrande middel m.m.
- **KOSTRA** (Kommune-Stat-Rapportering), jf. vilkår 12.1.1, er nasjonal offentleg statistikk om ressursar, prioriteringar og måloppnåing i mellom anna kommunane.
<https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>
https://www.ssb.no/natur-og-miljo/statistikker/var_kostraaar/2015-06-23

**VEDLEGG 2 – Flora kommune sin framdriftsplan for å stette reinsekrav, dagsett
19.12.2014**



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
22 DES 2014	
Saksnr.	14/2138 -
Arkivnr.	461-2
Sakshand.	GHE
Avd.	HI

Vår ref.
14/2124-3/K2 - M30, K3 - &58/RUKR

Dykkar ref.

Dato:
19.12.2014

Avløp tettstaden Florø/Brandsøy - Framdriftsplan for å stette reinsekraft

Viser til Dykkar rapport datert 11.07.2014 etter kontrollaksjon avløp 2014 for tettstaden Florø/Brandsøy. Viser og til vår tilbakemelding i brev datert 30.09.2014. I punkt 8 i Dykkar brev datert 11.07.2014 ber De om framdriftsplan for å stette reinsekraft for tettstaden Florø/Brandsøy.

Flora kommune har utarbeida ny hovudplan for vassforsyning og avløp for 2014-2020. Denne planen kan ikkje handsamast politisk før det føreligg skriftleg svar frå Fylkesmannen på søknad datert 30.06.2011 om dispensasjon frå reinsekraft i forureiningsforskrifta kap 14. Før hovudplanen kan handsamast må det og føreligge godkjenning frå Fylkesmannen på søknad datert 11.07.2014 om utsleppsløyve for tettstaden Florø/Brandsøy.

Då utkast til hovudplan for vassforsyning og avløp ikkje er vedtatt må det takast atterhald om politisk godkjenning av utarbeida framdriftsplan for å stette reinsekraft.

På vedlagte kart er vist eksisterande kommunale utslepp (vedlegg 1) og framtidige kommunale utslepp (vedlegg 2). Antal kommunale utslepp på Florølandet/Brandsøy vert redusert frå 20 utslepp til 6 utslepp. Fylgjande tiltak er planlagt innafør dei ulike reinsedistrikta jf. vedlegg 3:

RD 3 Sentrum-RD4 Havreneset.

RD3 Sentrum og RD4 Havreneset er planlagt ført til silanlegg Stranda. Jf. oversiktskart vedlegg 2. Spillvatn frå RD 3 Sentrum vert i dag ført til silanlegg Stranda. Når utslepp i RD4 Havreneset er ført til silanlegget vert 5 kommunale utslepp i RD4 sanert vekk.

RD3

Teknisk løysing

I RD3 Sentrum skal det utskiftast totalt ca 3200 m avløpsleidningar. Dette er i område der det ligg eldre fellesleidningar. Jf. Vedlegg.3. Tiltak RD3-2a, RD3-2b, RD3-2c, RD3-2d, RD3-2e, RD3-3. Etter utskifting vil ein få separert spillvatn og overvatn. Etter separering vil kun spillvatn frå RD3 verte ført til silanlegg Stranda.

Tiltak RD3-1 omfattar kapasitetsauke på silanlegg Stranda.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er planlagt gjennomført framgår av vedlegg 3.

RD4 Havreneset.

RD 4 Kvalvågen og RD5 Havreneset er slått saman til RD 4 Havreneset i utkast til ny hovudplan for avløp.

Teknisk løysing

Utslepp i RD4 er planlagt skal først til silanlegg Stranda RD3. Dette gjeld utslepp Nordnes og Kvalvågen/Håvågen og 3 stk. utslepp i Breivika.

For å få overført avløpet frå Havreneset til silanlegg i Stranda må det leggest 1000 m med nye overføringsleidningar, dels i grøft og dels som sjøleidningar. Innan 2023 skal det etablerast tre nye pumpestasjonar og 800 m overføringsleidningar. Tiltak RD 4-2.

Innan 2025 skal det etablerast ytterlegare ein pumpestasjon og om lag 200 m overføringsleidning slik at avløpa i Breivika kan overførast til silanlegg Stranda.

I RD4 Havreneset er det behov for å skifte ut ca 3500 m avløpsleidningar. Tiltak RD4-1a og RD4-1b. Etter utskifting vil ein få separert spillvatn og overvatn . Etter separering vil kun spillvatn frå RD4 verte ført til silanlegg Stranda.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp

Utslepp Kvalvågen/Håvågen går via kommunal slamavskillar (292 m³) til utslepp på djupne 51 m. Utslepp på Nordnes går ikkje via kommunalt reinsanlegg, men via private slamavskillarar. Djupne på utslepp 10 m.

Utslepp i Breivika (3 stk.) går ikkje via kommunalt reinseanlegg, men private slamavskillarar. Utsleppa har djupne på 8 m, 12, m og 17 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status er høg i resipienten i dette området. Forureiningsverknad vert vurdert som liten.

Utslepp i Breivika ligg gjennom Båthamn med utslepp utanfor molo.

Ved overføring av utslepp i RD4 til RD 3 får ein sanert 5 stk. utslepp. Ein får og sanert vekk kommunal slamavskillar på utsleppet Kvalvågen/Håvågen. Etter at utslepp på Nordnes og Breivika er sanert kan private slamavskillarar i området sanerast.

Reinseanlegg

Silanlegg Stranda må ombyggast for å få anlegget godkjent for akkreditert prøvetaking. Det må og settast inn sil nr. 2 for å auke kapasiteten. Tiltak RD3-1.Ferdig ombygging og montering av sil nr. 2 skal vere ferdig 2015. Akkreditering av silanlegg i 2016.

RD 6 Havreneset Sør

I utkast til hovudplan er det ikkje planlagt å sanere utsleppet Havreneset Sør RD6 i planperioden, men på sikt bør reinsedistriktet slåast saman med reinsedistrikta RD3-RD4. Tiltaket medfører at avløpet frå Havreneset Sør RD 6 må pumpast via overføringsleidningar til Havreneset RD4 og vidare til utslepp silanlegg Stranda RD3.

Eksisterande utslepp i RD6 går via kommunal slamavskillar (220 m³) til utslepp på djupne 6 m. Det er for det meste god tilstand på avløpsnettet i dette reinsedistriktet, men det er behov for rehabilitering/sanering av ca 400 m fellessystem. Fellessystem i RD 6 er planlagt separert i 2015.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status er høy i resipienten i dette området. Forureiningsverknad vert vurdert som liten.

Reinseanlegg

Eksisterande utslepp i RD6 går via kommunal slamavskillar på 220 m³. Det må byggast prøvetakingskum før og etter slamavskillar. Akkreditert prøvetaking i 2018.

RD 7 Industrivegen – RD8 Gunhildvågen.

RD7 Industrivegen

Flora kommune har engasjert konsulent for å planlegge overføring av utslepp Industrivegen RD7 til utslepp Gunhildvågen RD8.

Teknisk løysing

For å få overført utslepp Industrivegen RD 7 til utslepp Gunhildvågen RD8 må det leggast 750 m med nye overføringsleidningar, dels i grøft og dels som sjøleidningar.

Avløpet i Industrivegen kan overførast ved trykkum evt. må det pumpast via ny pumpestasjon.

Kostnader

Kostnad framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp

Utslepp i Industrivegen går ikkje via kommunalt reinsanlegg, men via private slamavskillarar. Djupne på utslepp 7 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status er høy i resipienten i dette området. Forureiningsverknad vert vurdert som liten, men utsleppet ligg grunt og avstand til land er ca 40 m.

Ved overføring av utslepp i RD7 til RD 8 får ein sanert vekk utslepp Industrivegen og private slamavskillarar i rensedistriktet kan sanerast vekk. Arbeidet er planlagt utført i år 2016.

RD8 Gunhildvågen

Utslepp i Gunhildvågen vil omfatte RD7 og RD 8.

Spillvatn går via kommunal slamavskillar på 135 m³ og kommunal pumpestasjon til utslepp på 51 m djupne i Ausa sør for Flora Lufthamn. Prosessvatn frå bedrifter i Gunhildvågen vert ført til kommunal pumpestasjon. Flora kommune skal skifte ut kommunal pumpestasjon i Gunhildvågen i år 2015. Det vil då og verte lagt til rette for prøvetaking før og etter slamavskillar.

Akkreditert prøvetaking i 2017.

Det er utført resipientundersøkelse ved det kommunale utsleppet frå Gunhildvågen i 2010.

Av rapporten framgår at avløpet ikkje har skadevirkning på miljøet i vassførkomst Rekstadvågen, sjølv om det er ein lokal organisk belastning i nærsona til avløpet frå Gunhildvågen.

RD 9 Storåsen sør

Avløpet i rensedistriktet skal samlast til eksisterande slamavskillar og eksisterande utslepp aust for Florø Lufthamn.

Teknisk løysing

Avløpsleidning i Thor Solbergveg frå Kinnvegen til Florø Lufthamn 420 m vart utskifta og separert i 2013. Avløpsleidningar i Kinnvegen frå Thor Solbergveg og nordover mot sentrum 1300 m vert utskifta og separert i samband med at Statens Vegvesen utbedrar Kinnvegen.

Tiltak RD9-0 Utskifting av va-leidningar i Kinnvegen (500 m innafor RD9) er bygt og sett i drift i 2014. Kloakken langs Kinnvegen innafor rensedistriktet vert no pumpa via ny pumpestasjon opp til sjølvfallsleidning i Thor Solbergveg.

Tiltak RD9-1 nytt avløpsanlegg i Austvika er bygt og sett i drift i år 2014. Avløpet frå Austvika vert pumpa via ny pumpestasjon sørover til kommunal slamavskillar og utslepp Storåsen Sør.

Tiltak RD9-2 avløp frå bustader indre Gunhildvågen, nordvest for Florø Lufthamn, er planlagt skal pumpast frå ny pumpestasjon og austover til eksisterande pumpestasjon på Fimlandsmarka og herfrå vidare til utslepp Storåsen Sør.

Utslepp ved Kystmuseet som omfattar området Nonskarvegen, Keilevegen og Brendøvegen skal på sikt overførast til utslepp Storåsen Sør.

Avløpsnettet (2200 m) som i dag har utslepp ved Kystmuseet er for det meste fellessystem og det er naudsynt å separere avløpsnettet før spillvatn kan pumpast til utslepp Storåsen Sør. Det må etablerast ny pumpestasjon og pumpeleidning opp til Kinnvegen. Tiltak RD9-3.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp

Utslepp Storåsen Sør går via kommunal slamavskillar (250 m³) til utslepp på 26 m.

Utslepp ved Kystmuseet går ikkje via kommunalt rensanlegg, men via private slamavskillarar. Djupne på utslepp 7 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status er høg i resipienten i dette området.

Utslepp i Indre Gunhildvågen er privat. Utsleppet omfattar 20 bustader i Vågastubben. I Indre Gunhildvågen er det dårlege resipienttilhøve.

Ved overføring av privat utslepp i Indre Gunhildvågen til kommunal slamavskillar og utslepp Storåsen Sør får ein sanert vekk privat utslepp og private slamavskillarar.

Reinseanlegg

Eksisterande utslepp i RD9 går via kommunal slamavskillar på 250 m³. Det må byggast prøvetakingskum før og etter slamavskillar. Akkreditert prøvetaking i 2017.

RD1 Melkevika-RD10 Kanalen Sør-RD12 Solheimsfeltet-RD15 Botnastranda.

RD1 Melkevika, RD12 Solheimsfeltet , RD 15 Botnastranda skal førast til nytt silanlegg Kanalen Sør RD10.

RD1 Melkevika

Teknisk løysing

Utslepp i RD1 er planlagt skal førast til silanlegg Kanalen Sør RD10. Dette gjeld utslepp Brandsøyåsen Nordvest og Ragnarud/Hovland.

For å få overført avløpet frå Melkevika RD 1 til nytt silanlegg Kanalen Sør må det byggast tre nye pumpestasjonar og leggast 2500 m med overføringsleidning gjennom Gaddevågen (Kanalen).

Tiltak RD1-1.

Det må vidare byggast 530 m ny spillvassleidning med sjølvfall til ny pumpestasjon i Botnavågen. Tiltak RD1-2.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp som vert sanert

Utslepp Brandsøyåsen Nordvest går via kommunal slamavskillar i Botnaholten (350 m³) til utslepp på djupne 35 m. Bustader tilknytt nedanfor kommunal slamavskillar har private slamavskillarar.

Utslepp Ragnarud /Hovland går via kommunale slamavskillarar i Danielsvika (21 m³) og Furutun (115 m³) til utslepp på 20 m. Det er og områder med private slamavskillarar tilknytt utsleppet.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status i resipienten i dette område er moderat.

Ved overføring av utslepp i RD1 til RD10 for ein sanert 2 stk. utslepp. Ein får og sanert vekk 3 kommunale slamavskillarar. Etter at utsleppa er sanert kan private slamavskillarar i området sanerast.

RD10 Kanalen Sør

Teknisk løysing

Det er planlagt felles reinseanlegg (silanlegg) for RD1, RD10 , RD12 og RD15.

Tiltak RD10-1.

Avløp frå området Evja/Thua vestafor Kanalen skal pumpast ved ny pumpeleidning på 550 m gjennom Gaddevågen til nytt silanlegg Storåsen Sør. Tiltak RD10-2.

På Thua skal det sanerast/rehabiliterast 1100 m med fellessystem. Tiltak RD10-3.

Det skal leggest nytt avløpsanlegg i Fylkesveg 584 frå Krokavegen til Nybøvegen. Tiltak RD10-4.

Dette arbeidet starta i november 2014 i samarbeid med SFE som legg kablar på same strekninga.

Frå Nybøvegen skal det etablerast pumpestasjon og pumpeleidning vestover til nytt silanlegg.

Tiltak RD10-6. Ein for då sanert vekk utslepp Krokane Vest/Nygård og kommunal slamavskillar på Nygård på 122 m³.

Ved Båtevika skal det byggast ny pumpestasjon og pumpeleidning fram til nytt silanlegg. Tiltak RD10-5. Ein for då sanert vekk utslepp Kleiva/Båtvika/Soldal og kommunal slamavskillar i Båtevika på 150 m³.

Tiltak RD10-7 omfattar utskifting av avløpsleidningar i Kinnvegen med sidevegane Nikolai Astrupveg, Dalvegen og Åsheimvegen. Kloakken frå dette området skal pumpast via ny pumpestasjon og pumpeleidning i Professor Gjelsvikveg mot Båtevika og nytt silanlegg Kanalen Sør. Nytt avløpsanlegg i Professor Gjelsvikveg og pumpestasjon er bygt og sett i drift.

Arbeid i Kinnvegen pågår.

Tiltak RD10-8 omfattar nye avløpsleidningar i austre del av Firdavegen.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp som vert sanert

Utslepp Krokane Vest/Nygård går via kommunal slamavskillar på Nygård (122 m³) til utslepp på djupne 26 m.

Utslepp Kleiva/Soldal/Båtevika går via kommunale slamavskillarar i Båtevika (150 m³) til utslepp på 15 m.

Utslepp Krokane Vest og Prata går ikkje via kommunalt reinsanlegg, men via private slamavskillarar. Begge usleppa har djupne 12 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status i resipienten i dette område er høg..
Ved overføring til nytt Silanlegg Kanalen Sør får ein sanert 4 stk. utslepp i RD10. Ein får og sanert 2 kommunale slamavskillarar og private slamavskillarar.

RD12 Solheimsfeltet

Teknisk løysing

Avløp frå RD12 skal overførast til nytt silanlegg Kanalen Sør når silanlegget står ferdig. Pumpestasjonar og avløpsnett i RD12 er ferdig utbygt med tanke på overføring til RD10. Tiltak RD12-1 omfattar avløp til planlagte nye bustadfelt.

Kostnader

Kostnad og tidspunkt for gjennomføring av tiltaka RD12-1 framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp som vert sanert

Utslepp Solheimsfeltet går via kommunal slamavskillar Solheimsfeltet (216 m³) og kommunal slamavskillar Solheimslia (70 m³) til utslepp på djupne 30 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status i resipienten i dette område er høg.
Ved overføring til nytt Silanlegg Kanalen Sør får ein sanert 1 stk. utslepp i RD12. Ein får og sanert 2 kommunale slamavskillarar.

RD 14 Brandsøysundet

Reinsedistrikt 14 Brandsøysundet har eit kommunalt utslepp via eksisterande slamavskillar og utsleppsleidning sør for Brandsøysundet.

Teknisk løysing

Busetnad aust og vest for Brandsøysundet har private utslepp med unntak av nokre få bustader på austsida av Brandsøysundet som har vore tilknytte kommunalt utslepp.

Tiltak RD14-1 gjeld nytt avløpsnett og pumpestasjon Brandsøy aust. Arbeidet med dette tiltaket starta i 2014 og vil vere ferdig hausten 2015.

Tiltak RD14-2 omfattar leidningsnett og pumpestasjon Brandsøy vest.

Når desse tiltaka er ferdig vil busetnad i området vere tilknytt kommunalt nett og utslepp ved Brandsøysundet.

Kostnader

Kostnader for dei ulike tiltak og tidspunkt for når dei ulike tiltaka er ferdig gjennomført framgår av vedlegg 3.

Omtale av utslepp

Utslepp Brandsøysundet går via kommunal slamavskillar i Brandsøy (250 m³) til utslepp på djupne 61 m.

Resipientundersøkelse for Florølandet og Brandsøy utført i 2009 konkluderer med at økologisk status i Solheimsfjorden er høg.

Ved overføring av Brandsøy aust og Brandsøy vest til kommunalt utslepp får ein sanert vekk private utslepp i Brandsøysundet. Ein får og sanert private slamavskillarar i området.

RD 15 Botnastranda

Det er i dag to private og eit kommunalt utslepp i dette reinsedistriktet. Det bør etablerast eit felles utslepp for reinsedistriktet. Det er store utbyggingsplanar for utviding av Fjord Base vestover mot øya Rota. Endeleg planar må avklarast i samband med planlagt utbygging vestover.

Utbygging reinseanlegg

Det er planlagt å redusere antal utslepp frå 20 til 6. Gjennomføring av tiltak for å støtte primærreinskrav er planlagt og prioritert i tid slik:

- Utslepp Industrivegen RD7 til RD8.
Utslepp sanert 2016.
- Utslepp Gunhildvågen RD8 via slamavskillar.
 - Akkreditert prøvetaking 2017
- Utslepp Storåsen Sør. RD9.
 - Akkreditert prøvetaking 2017.
 - Overføre utslepp Brendøvegen/Kystmuseet. Sanert 2025.
- Utslepp silanlegg Kanalen Sør. RD10. Ferdig 2017.
Ein vil då få sanert totalt 7 utslepp:
 - Brandsøyåsen Nordvest. RD1. Sanert 2017.
 - Ragnarud /Hovland. RD1. Sanert 2017.
 - Krokane Vest/Nygård. RD10. Sanert 2017.
 - Kleiva/Båtevika/Soldal. RD10. Sanert 2017.
 - Krokane Vest. RD10. Sanert 2017.
 - Prata. RD10. Sanert 2017.
 - Solheimsfeltet. RD12. Sanert 2017.
 - Akkreditert prøvetaking 2018.
- Utslepp silanlegg Stranda. RD3/RD4.
 - Kapasitetsauke på silanlegget. 2015.
 - Akkreditert prøvetaking 2016.

Overføre fylgjande utslepp til silanlegg Stranda:

 - Kvalvågen/Håvågen. RD4. Sanert 2022.
 - Nordnes. RD4. Sanert 2023.
 - Breivika 3 stk. RD4. Sanert 2025.
- Utslepp Havreneset Sør RD6 via slamavskillar.
 - Akkreditert prøvetaking 2018.
- Utslepp Brandsøysundet. RD14 via slamavskillar.
 - Akkreditert prøvetaking 2018.

Utslepp Industrivegen RD7 er eit lite reinsedistrikt og avløpet går via private slamavskillarar. Utsleppet er planlagt overført til RD8 i år 2016 etter at eksisterande pumpestasjon i Gunhildvågen er utskifta. Ny pumpestasjon i Gunhildvågen er planlagt bygt våren 2015.

Det er prioritert å bygge Silanlegg Kanalen sør. Silanlegget skal settast i drift i 2017. Når anlegget står ferdig skal 7 eksisterande utslepp førast til silanlegget og sanerast vekk. Av desse er to utslepp i Melkevika der resipienten har økologisk status moderat.

Ein får og sanert eksisterande utslepp i området Gaddevågen/Kanalen og Krokane. Desse utsleppa vil verte erstatta med eit utslepp frå silanlegget på større djupne og lenger frå land.

Utslepp Solheimsfeltet vert ført til det nye silanlegget. Alle utslepp på strekninga frå det nye silanlegget Kanalen Sør og austover til reinsedistrikt RD14 Brandsøysundet vil då vere sanert.

- Akkreditert prøvetaking 2018.

På silanlegg Stranda RD3 vert prioritert utviding av kapasiteten/ombygging og godkjenning av anlegget for akkreditert prøvetaking. År 2015 og 2016.

Auka kapasitet medfører at ein reduserer tid i overløp i RD3 ved mykje nedbør inntil ein får separert fellessystemet i reinsedistriktet. Ein vil då og seinare kunne overføre utslepp frå RD 4.

Sanering av utsleppa i RD 4 er ferdig i 2025.

Akkreditert prøvetaking på utslepp Gunhildvågen RD8 og Storåsen Sør RD9 er ferdig 2017.

Akkreditert prøvetaking på utslepp Havreneset Sør RD6 og Brandsøysundet 14 er ferdig 2018.

Det er då lagt til grunn at etter etablering av prøvepunkt går det eit år for å få anlegga akkreditert.

Avhengigheit av andre tilhøve /prosjekt

Bemanning

Teknisk drift har ansvar for planlegging, prosjektering og utbygging av kommunale va-anlegg.

Gjennomføring av framdriftplan innafor vassforsyning og avløp forutset at ein har nok bemanning /rekrutering av prosjektleiarar på prosjekta. Etter utkast til hovudplan for vassforsyning og avløp er det store og omfattande prosjekt som skal gjennomførast innafor både vatn og avløp.

Teknisk drift har eit årsverk som jobbar kun med va-prosjekt. Vidare er det 3 personar som jobbar med prosjekt i tillegg til drift. Totalt har ein 2,5 årsverk innafor va-prosjekt. Teknisk drift har såleis begrensa bemanning/kapasitet og ein er og sårbar ved sjukdom/fråvær.

Det er innafor va-sektoren konkurranse om ingeniørar og det har vist seg at det kan vere utfordrane å rekrutere va-ingeniørar i konkurranse med private firma.

Samordning vegbygging

I RV5 Markegata og Hans Blomgate, samt tilhøyrande tverrgater er det planlagt å sanere leidningsnettet når RV 5Markegata skal utbedrast (Tiltak RD3-3). Gjennomføring av tiltak i RV5 Markegata med tilhøyrande tverrgater på sørsida av Markegata er avhengig av når utbedring av RV5 kjem inn på handlingsplanen for Statens Vegvesen.

Innhenting løyver/dispensasjon

Der leidningar/avløpsanlegg må leggest utanom kommunale vegar må det innhentast naudsynte løyve inkludert evt. dispensasjon frå reguleringsplanar.

Ved legging av overføringsleidning i sjø må det innhentast naudsynt løyver av

Hammemyndigheiter. I RD8 må arbeid koordinerast med drift på industribedrifter i Gunhildvågen.

Utbyggingar/Reguleringsplanar

Utbyggingsplanar/reguleringsplanar kan endre framdriftsplan av kommunale va-anlegg.

Utbygging av va-anlegg vert og "styrt" av tiltak som andre etatar gjennomfører, og som krev samordning. Dette gjer at prioriteringsrekkefølge av tiltak kan måtte endrast og dermed beslaglegge ressursar for gjennomføring .

Tiltak som er utført og tiltak som pågår som fylgje av samordning med andre etatar er:

Krokane - Brandsøy

SFE har lagt ny el. hovudforsyning til Florø i grøft på strekninga Brandsøy Krokane 3,7 km. Samstundes har Flora kommune lagt nye va-leidningar på strekninga. SFE har starta arbeidet med gjenstående trase for el.forsyning til Florø på strekninga frå Krokane til Nygård som skal stå ferdig 31.12.2015. Flora kommune legg då nye va-leidningar på strekninga. Jf. tiltak RD10-4 avløpsledning i Fylkesveg 549 frå Krokavegen til Nybøvegen.

Nybøvegen

SFE har lagt ny el. hovudforsyning i grøft i Nybøvegen på strekninga frå Nygård til Ragnarud 850 m. Flora kommune har samtidig lagt nye va-leidningar på strekninga. Anlegget var ferdigstilt 2012.

Thor Solbergveg/Kinnvegen

Statens vegvesen har i år 2012 utbedra Thor Solbergveg frå Florø Lufthamn til Kinnvegen.420 m. Flora kommune la samtidig nye va-leidningar på strekninga.

Statens vegvesen starta januar 2014 med å utbedre Kinnvegen frå Thor Solbergveg til kryss med Michael Sarsgate 1,3 km. Flora kommune legg nye va-leidningar på heile strekninga. Anlegget er ferdig sommar 2016.

Akkreditering

Etter at reinseanlegg er ferdig bygt med omsyn på prøvetaking startar prosessen med innfasing av akkreditert prøvetaking. Prosessen med akkreditert prøvetaking tek ca 1 år.

Vedr. akkreditering er ein avhengig av at Norsk Akkreditering har kapasitet for å holde planlagt framdrift. Dette kan vere ei utfordring med tanke på antall anlegg i Norge som skal gjennomgå akkrediteringsprosessen i åra framover.

Kapasitet konsulentar/entreprenørar

Framdrift er avhengig av naudsynt kapasitet hjå konsulentar og entreprenørar.

Med helsing

Reidulf Refsnes
tenesteleiar

Rune Kristiansen
fagansvarleg vatn og avløp


Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Vedlegg:

Tittel	Dato
Vedlegg 1. Kart som viser eksisterande utslepp	19.12.2014
Vedlegg 2. Kart som viser framtidige reinsedistrikt og utslepp	19.12.2014
Vedlegg 3. Oversikt over tiltak, kostnader og framdrift	19.12.2014

Vedlegg 1

Kart som viser eksisterende utslipp



Prosjekt	HO - 001	Blatt	2
Skala	1:500	Dato	20.08.13
Forfatter	ASPLAN VIKK	Rev. av	ASPLAN VIKK
Godkj. av	ASPLAN VIKK	Rev. av	ASPLAN VIKK

Tegnforklaring

- PLANLAGT SPILLVASSLEIING
- PLANLAGT PUMPELEIING
- PLANLAGT FOR SPILLVASS
- EKST. SPILLVASSLEIING
- EKST. PUMPELEIING
- LEIING SOM UTØYR
- EKST. PUMPELEIING
- EKST. FELLESSYSTEM
- Grenser reinholdsstrøkt
- PLANLAGT RENSGÅNLEIING
- PLANLAGT PUMPESTASJON
- EKST. RENSGÅNLEIING
- SLAMAVSKILLAR SOM SKAL FRIKOBAST
- EKST. PUMPESTASJON

PROSJEKTFASE


ASPLAN VIKK

Hovedplan avløp Flora
Flora Kommune

Flora og Brandsøy
Hovedplan avløp

AVY 17.05.11
SKOZTB 20.08.13

ASPLAN VIKK 20.08.13




Tegnforklaring

—	PLANLAGT SPILLVASSLEIÐING
— (with pump symbol)	PLANLAGT PUMPELEIÐING FOR SPILLVATN
- - -	EKSIST. SPILLVASSLEIÐING
— (with pump symbol)	EKSIST. PUMPELEIÐING FOR SPILLVATN
- / - (with arrow)	LEIÐING SOM UTGØR
—	EKSIST. FELLESSYSTEM
	Grenser reinsedistrikt
●	PLANLAGT REINSEANLEGG
⊕	PLANLAGT PUMPESTASJON
●	EKSISTERANDE REINSEANLEGG
⊕	SLAMAVSKILJAR SOM SKAL FRØKOBLEST
⊕	EKSIST. PUMPESTASJON

PROSJEKT: Hovedplan avløp	OPPDRAGSGIVER: Flora kommune		OPPDRAGSLEDER: TEGN: MALESTOR: AWY AY OPPDRAGSNR.: KONTR.: DATO: FASE: 18.06.13	TEGNING: Flora og Brandsøy	TEGN. NR.: REV. # H O 002 02 - <small>FAG TYPE ETG. LØPENR.</small>
-------------------------------------	--	--	--	--------------------------------------	--

Vedlegg 2

Kart som viser framtidige rensedistrikt og utslipp



Tegnforklaring

- PLAN 127: PULVERISERING
- PLAN 127: PULVERISERING FOR PÅSLIPP
- EXIST: PULVERISERING
- EXIST: PULVERISERING
- EXIST: PÅSLIPP
- EXIST: PÅSLIPP
- EXIST: PULVERISERING
- EXIST: PÅSLIPP
- PLAN 127: PULVERISERING
- PLAN 127: PÅSLIPP
- PLAN 127: PÅSLIPP
- PLAN 127: PÅSLIPP


PROSJEKTFASE

Hovedplan areop Flora
Flora Kommune

Flora og Brandsøy
Hovedplan areop

HO - 001

2



Tegnforklaring

	PLANLAGT SPILLVASSLEIING
	PLANLAGT PUMPELEIING FOR SPILLVASS
	ERIST. SPILLVASSLEIING
	ERIST. PUMPELEIING FOR SPILLVASS
	LEIING SOM UTETR
	ERIST. FELLESYSTEM
	ERIST. FASEADDELING
	PLANLAGT RENNEANLEGG
	PLANLAGT PUMPESTASJON
	ERIST. RENNEANLEGG
	SLAMAVSKJEDER SOM SKAL FRIKOBLEAST
	ERIST. PUMPESTASJON

PROSJEKT: Hovedplan avløp
 OPPDRAGSVEI: Flora kommune

OPPDRAKSLANDSDEK: TEIN NÅLESTED
 AWY AY
 OPPDRAGSLEI: KONTR. DATO: 18.06.13
 TÅNE

TEIING: Flora og Brandøy
 TEIING NR: H O 002 02
 FAG: FINE EYE LIPOR

Vedlegg 3.

Overordna plan

Oversikt over tiltak, kostnader og framdrift.

Framdrift for å stette reinsekrav


Prioriterte oppgåver for dei kommunale avløpsanlegga:

- Redusere tal på kommunale reinseanlegg og utsleppstader
- Sanere utslepp i område som er spesielt ureina.
- Rehabiliterer/sanere dålege leidingsstrekningar.
- Legge om frå fellessystem til separate system for spillvatn og overvatn.
- Utkopling/sanering av septiktankar som er tilknytt kommunale avløpsleidningar.




RD3 Sentrum

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
RD3-1	Kapasitetsauke silanlegget på Stranda	2015	2 000 000
RD3-2a	Sanering i Hamregata	2017	5 500 000
RD3-2b	Sanering i austre del av RV 5 (Markegata) med tverrgater	2021-2025	3 500 000
RD3-2c	Sanering i Fjordgata	2021-2025	1 500 000
RD3-2d	Sanering i Professor Indrebø gata	2021-2025	5 500 000
RD3-2e	Sanering i vestre del av Firdavegen	2021-2025	8 000 000
RD3-3	Sanering i RV5 (Markegata) og sidegater, totalt 1400 meter	2021-2025	11 000 000
RD3	Silanlegg Stranda- Akreditert prøvetaking	2016	1 000 000




RD4 Havreneset,

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
RD4-1a	Utskifting av VA-leidningar i Nyborgvegen/Slettevegen	2016-2017	3 500 000
RD4-1b	Utskifting av VA-leidningar i Lyngvegen, Vestnesvegen og Solhaugvegen ved Havreneset	2019-2021	8 500 000
RD4-2	Overføringsleidningar og tre pumpestasjonar for overføring til Stranda.	2022-2023	12 000 000
RD4	Sanering utslepp Breivika	2024-2025	10 000 000




RD6 havreneset sør

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
RD6	Utslepp Havreneset sør – akreditert prøvetaking	2018	4 000 000



RD7 Industrivegen, RD8 Gunnhildvågen

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekn gjennomføring	Berekn kostnad
RD7	Overføringsledning industrivegen til utslepp i Gunnhildvågen	2016	5 000 000
RD8	Ny pumpestasjon i Gunnhildvågen	2015	4 000 000
RD8	Gunnhildvågen- Akreditert prøvetaking	2017	4 000 000




RD9 Storåsen sør

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
RD9-0	Utskifting av Va- ledningar i Kinnvegen	2014	5 100 000
RD9-1	VA- ledningar og avløpspumpeasjon i Austvika	2014	6 000 000
RD9-2	Ny avløpsledning og pumpeasjon Gunnhildvågen	2015	3 500 000
RD9	Overføre utslepp Brendøyvegen/Kystmuseet	2025	3 500 000
RD9	Storåsen sør- Akreditert prøvetaking	2017	4 000 000




RD1 - RD10 - RD12 - RD15 Silanlegg på Kanalen sør

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
V0-b	Nye VA-leidninger Nybøvegen	2014	1 800 000
RD10-1	Felles reinselegg (silanlegg) i Kanalen Sør	2017	40 000 000
RD1-2	Nye VA-leidninger til Botnavågen og oppdimensjonering	2017	2 700 000
RD10-2	Pumpestasjon og overføringsledning frå Gaddevågen til reinseanlegg	2017	3 500 000
RD1-1	Overføring frå Melkevika/Botnavågen til Kanalen Sør	2017	9 000 000
RD10-3	Utskifting VA-leidningar i Gaddevågen/Tua	2017	8 000 000
RD10-4	Avlopsledning i FV 548 frå krokavagen til nybøvegen	2016	5 700 000
RD10-5	Pumpestasjon i Båtevika og pumpeledning til reinseanlegg	2017	3 500 000
RD10-6	Pumpestasjon ved Nygård og pumpeledning til nytt silanlegg	2017	3 500 000
RD10-8	Nye VA-leidningar i austre del av Firdavegen	2020	2 000 000
RD10	Silanlegg Kanalen sør- Akreditert prøvetaking	2018	1 000 000



RD14 Brandsøysundet

Tiltak Avløp	Investeringar	Berekna gjennomføring	Berekna kostnad
RD14-1	Framføring av VA-anlegg til Brandsøy aust	2015	8 000 000
RD14	Brandsøysundet- Akreditert prøvetaking	2018	4 000 000
RD14-2	Framføring av VA-anlegg til Brandsøy vest	*	**



* Private utbyggingsplanar, Tid for gjennomføring ikkje avklart.

** Private utbyggingsplanar, kostnad for gjennomføring ikkje avklart.